



# Årsmelding og rekneskap 2023



## Innhold:

Side	3	Årsmelding 2023
Side	23	Resultatrekneskap 2023
Side	24	Balanse 2023
Side	25	Eigenkapitaloppstilling
Side	26	Kontantstrømoppstilling
Side	27	Notar
Side	71	Nykkeltal
Side	73	Meldingar
Side	81	Tillitsvalde

# Årsmelding 2023

## Banken sitt 125. rekneskapsår

### Bankåret

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har gleda av å kunna leggja fram rekneskap for 2023, banken sitt 125. rekneskapsår. Rekneskapen syner at banken er ein solid lokalbank med god underliggjande drift i eit år prega av krig i Europa, auka usikkerheit, høg inflasjonen og stigande renter.

Banken har i 2023 laga konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Aktiv Voss AS fekk konsesjon for eigedomsmekling 8.9.2022, og opna Aktiv eigedomsmeklar kontor på Voss i Skulegata 2 den 29.10.2022. Tal i årsmeldinga er for konsern dersom ikkje anna er presisert.

Resultatet etter skatt auka med heile 23,5 mill. kr samanlikna med 2022. Dette skuldast god underliggjande drift med bl.a. ei betring i netto renteinntekter gjennom utlånsvekst og betring i netto rentemargin, auke i netto andre driftsinntekter, god kostnadskontroll og låge nivå på nedskrivningar på utlån. Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter auka med 23,7 mill. kr samanlikna med 2022.

Personalkostnadane auka med 6,9 mill. kr, andre driftskostnader er auka med 3,6 mill. kr. Samla er det ein auke i driftskostnader på 10,4 mill. kr i 2023 samanlikna med 2022.

Netto andre driftsinntekter auka med 20,0 mill. kr. Av dette er netto verdiendring på finansielle instrument 16,9 mill. kr., auke i andre inntekter på 4,6 mill. kr., ein reduksjon på 0,4 mill. kr i netto provisjonsinntekter, og ein reduksjon i sum utbytte på 1,2 mill. kr.

Sterkare og meir synleg satsing på gode forsikrings- og spareprodukt frå Eika gjev resultat. Styret har som mål at banken ved framleis sterk satsing på god og menneskeorientert rådgjeving til private og bedrifter skal auka desse inntektene vidare.


Rentemarginen er på 2,20 %, og det er opp 0,30 %-poeng frå 2022. Veksten i utlåna enda på 5,6 % inklusive lån overført til Eika Boligkreditt (EBK). Veksten i innskot vart 7,8 % samanlikna med 2022.

Etter bokførte netto tap og nedskrivningar på utlån med 4,4 mill. kr syner banken eit resultat før skatt for 2023 på 101,1 mill. kr, mot 70,5 mill. kr i 2022.

I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) utgjer resultat før skatt 1,67 % i 2023 mot 1,22 % i 2022. Eigenkapitalavkastninga etter skatt gjekk opp frå 8,67 % til 11,33 % i same periode.

Styret er nøgd med banken si samla utvikling i eit år prega av auka usikkerheit, høg inflasjon og renteoppgang. Banken har klart å oppretthalde god service og oppfølging av kundane, og lever opp til visjonen som **-ein god medspelar-** i både oppgangstider og nedgangstider.

## Driftsresultat i % av gj.sn. råvveldekapital



Banken gjennomfører årleg kundemålingar, og under ei kundemåling i 2023 scora banken best av vel 50 lokalbankar i Eika Alliansen. Dette er sjette året på rad at banken toppar lista med dei mest nøgde og lojale kundane i Eika Alliansen.

Banken sin kapital- og likviditetssituasjon er god. Etter foreslått utbytte endar konsolidert rein kjernekapital på 617,7 mill. kr. Med eit berekningsgrunnlag på 3.301 mill. kr, utgjer dette ei konsolidert rein kjernekapitaldekning på 18,71 %. Netto konsolidert ansvarleg kapital er 736,8 mill. kr, som med same berekningsgrunnlag utgjer ei samla konsolidert kapitaldekning på 22,32 %. Banken har ein konsolidert uvekta kjernekapitalandel på 9,50 %.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Oppnådde kapitaldeknings-prosentar ligg godt over minstemåla styresmaktene har sett. Det ligg også over eigne målsetjingar inklusive pilar 2-tillegg motteke frå Finanstilsynet, og ein styringsbuffer på minimum 1,5 %-poeng.

Ved årsskiftet rapporterer banken Liquidity Coverage Ratio (LCR) på 642 %, som er godt over vedtekne minstekrav på 100 %. Banken sin Net Stable Funding Ratio (NSFR) er på 138 % på same tidspunkt.

### Økonomien i landet vårt

Norsk økonomi var i 2023 prega av store skilnader i næringsutvikling, med i sum beskjeden BNP-vekst for Fastlands-Norge, svakt stigande arbeidsløyse og vedvarande høg inflasjon som resultat.

BNP-veksten i Fastlands-Norge for 2023 vert estimert ved årsskiftet til om lag 1 prosent, ned frå heile 3,8 prosent i vekst året før. Privat konsum (-1 prosent) hadde ein historisk sjeldan nedgang i fjor, medan oljesektoren svinga seg opp til sterk investeringsvekst. Dei rause investeringspakkene frå regjeringa under koronatida bidreg til sterk investeringsvekst i oljerelaterte næringar i både 2023 og 2024. Motsett er det venta at bustadinvesteringane vil falle kraftig i begge desse åra. Flyktningekrisa bidrog til at offentleg konsum auka med om lag unormalt sterke 2,5 prosent i 2023.

Arbeidsmarknaden var i sum relativt stabil, med ein auke i ledigheita målt på NAV opp frå 1,6 prosent i desember 2022 til 1,9 prosent i same månad året etter. Lønsveksten steig markant i 2023, til om lag 5,5 prosent, etter eit år der reallønsveksten enda med kraftig nedgang.

Den uvant høge inflasjonen frå 2022 heldt seg overraskande nok høg gjennom 2023, delvis fordi kronekursen svekka seg betydeleg gjennom fjoråret. Kronekursen, målt ved den importvegde i-44 indeksen, fall med 4,4 prosent i løpet av 2023. Konsumprisindeksen auka med uventa høge 5,5 prosent, noko som nullar ut eit raust lønsoppgjer og dermed hindra kjøpekrafta å betre seg for folk flest.

Renteauke og den svake utviklinga i hushaldningane sine finansar bidrog til at kredittveksten ebba ut gjennom 2023. Ved slutten av året var kredittveksten, målt ved K2-indikatoren, i bedriftene og hushaldningane opp høvesvis 3,1 og 3,3 prosent i året til november. Ein hardt pressa kommunesektor har imidlertid i denne perioden ein usedvanleg sterk vekst i sine låneopptak, på 7,8 prosent. Midlar som truleg vert brukt til bygg og anlegg.

Bustadprisane svinga unormalt mykje i løpet av året med god vekst i fyrste halvår og motsvarande nedgang i andre. Omsetninga av bustader var marginalt høgare i 2023 enn året før, med ein prisvekst på 0,5 prosent for året under eitt, ifølge EiendomNorge.

Tal konkursar auka med 22 prosent i dei elleve fyrste månadane av 2023, målt mot same periode i fjor. Bankane sine samla resultat vert imidlertid sterkare all den tid eit markert høgare rentenivå bidreg til tilsvarande betring i rentabiliteten til eigenkapitalen i bankane.

Noregs Bank auka rentene frå 2,75 prosent til 4,5 prosent. 3-måneder NIBOR ser imidlertid ut til å ha toppa ut allereie i august 2023 på 4,8 prosent, og marknadane byrja å prise inn store rentekutt i 2024. Ved utgangen av året var det prisa inn hele 6 rentekutt i løpet av 2024.

## **Utsikter for 2024**

Utsiktene framover er prega av framleis usikkerheit. Internasjonalt er det utfallet av krigen i Ukraina, krigen i Midausten, spenningane mellom USA og Kina, og presidentvalet i USA i november som toppar lista over risikomoment.


Her heime er spenninga i hovudsak knytt til penge- og finanspolitikken, samt utviklinga i eigedomsmarknaden og arbeidsmarknaden. Ein auke i misleghald i bankane og auke i tal konkursar må påreknast. Også i år ser eigedomsutvikling av alle slag til å vera utsett, og når den fyrste rentenedsetjinga kjem kan den ha stor innverknad på prisutviklinga i eigedomsmarknaden.

## **Vekselbanken i 2023**

### **Årsoverskotet**

Banken sitt årsresultat for 2023 er det beste resultatet nokon gong i nominelle kroner. Etter skattekostnad på 23,2 mill. kr er resultatet for rekneskapsåret for morbank 77,0 mill. kr.

## Utvikling i årsresultat



Etter verdiendring på anleggsaksjar og utlån til verkeleg verdi ført over andre inntekter og kostnader, er det samla ført verdijusteringar av postar som ikkje vert reklassifisert over resultatet med verdiendring over eigenkapitalen på 6,9 mill. kr. Etter desse justeringane vert totalresultatet på morbank 83,9 mill. kr i 2023 mot 60,4 mill. kr i 2022.

Styret rår til at overskotet vert nytta slik:

Utbytte (kr 14,10 pr. aksje) kr 31.072.396

Res. tilordna hybridkap. kr 4.516.486

Res. tilordna aksjeeigarar kr 41.405.558

Sum overføring og disposisjonar

kr 76.994.440

Styret har vurdert banken sin soliditet, og gjennomført stresstestar som syner konsekvensar av negative scenario på banken sin kapitalsituasjon. Med bakgrunn i dette gjer styret i banken framlegg om å utbetala kr 14,10 i utbytte pr. aksje for 2023. Utbyttet på kr 14,10 i år gjev eit utdelingsforhold sett mot årsresultatet på 43,2 %. Det gjev ei direkte avkastning på 5,8 % rekna mot børskurs 31.12.2023 på kr 242,00.

Styret stadfestar at grunnlaget for vidare drift er til stades, og at rekneskapen er gjort opp under denne føresetnaden. Etter styret si meining gjev årsrekneskapen og årsmeldinga rett oversikt over gjelda og eignelutane til banken, den finansielle stillinga og resultatet.

### Utbyttepolitikk

Ved normal årleg vekst frametter og normale inntekter frå bankdrifta, vil utdelingstilhøvet kunne vera i området 40 – 50 % av årsresultatet dersom ikkje soliditeten tilseier noko anna.

### Netto renteinntekter

Ved utgangen av 2023 vart netto rente- og kredittprovisjonsinntekter auka med 23,7 mill. kr til 133,0 mill. kr, mot 109,3 mill. kr i 2022. Rentenettoen i 2023 er 2,20 % av GFK, og det er opp frå 1,90 % i 2022.

## Netto provisjonsinntekter

Netto provisjonsinntekter har i 2023 gått ned med 0,4 mill. kr til 14,5 mill. kr. Det er ein auke på forsikring, medan marginen i Eika Boligkreditt er litt ned. Ved framleis fokus på sal av forsikringsprodukt vil netto provisjonsinntekter framleis auka i åra som kjem.

## Inntekter frå verdipapir og derivat

Banken sin portefølje av anleggsaksjar er etter IFRS klassifisert til "Verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader". Alle verdiendringar frå instrumentet vert ført over andre inntekter og kostnader. Verdiendringar for aksjane vert ikkje resirkulert over det ordinære resultat med etterfylgjande frårekning av eigneluten.

Banken har plassert overskotslikviditet i fondsandlar i ulike rentefond. Portefølja er klassifisert og målt til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet (FVTPL).

Sjå note 2 Rekneskapsprinsipp.

For detaljar knytt til postar under andre inntekter og kostnader, sjå note Eigenkapitaloppstilling.

Banken sin likviditetsportefølje i rentefond har ein marknadsverdi ved årsskiftet på 466,6 mill. kr i 2023.

Banken har ikkje lenger handelsportefølje i enkeltaksjar, og heller ikkje aksjeplasseringar i fond. Samla utbytte på anleggsaksjar er 3,4 mill. kr mot 4,6 mill. kr i 2022. Nedgangen skuldast i hovudsak redusert utbytte frå Eika Gruppen AS.

Porteføljen av anleggsaksjar bokført til verkeleg verdi ved årsskiftet er på 118,6 mill. kr. Sjå elles note 28 til rekneskapen.

## Driftskostnader

Samla driftskostnader syner ein auke i 2023 på 10,4 mill. kr, til 70,2 mill. kr. Lønn og andre personalkostnader har auka med 6,9 mill. kr i høve til 2022, medan andre driftskostnader har auka med 3,6 mill. kr. Av kostnadsauken er 4,2 mill. kr knytt til Aktiv Voss AS, og fordelt med 1,9 mill. kr i personalkostnader og 2,3 mill. kr i andre driftskostnader. Øvrig auke skuldast i hovudsak auka IKT kostnader og kostnader i samband med byte av datasentral.


Vekselbanken børsmelde 18. desember 2020 at banken saman med ei rekkje andre bankar i Eika Alliansen har inngått avtale med TietoEVERY, og TietoEVERY vert med dette banken sin nye framtidige leverandør av kjernebankløysingar. Konverteringa vart gjennomført helga 9 – 10. september 2023. Konverteringa vart gjennomført på tid, budsjett og med forventa kvalitet. Det er ført ekstraordinære eingongskostnader i samband med byte av datasentral i 2023 på vel 5,0 mill. kr.

## Utlån

Bedriftskundar vert klassifiserte etter inntening, eigenkapital og verdi av deponert trygd. Privatkundar vert klassifiserte etter inntening og verdi på deponert trygd. Retningslinjer for kredittgjeving krev at ein skal ta omsyn til risiko ved prising av utlån. Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko.

Banken hadde ein utlånsvekst på eige bok på 5,0 %, og i tillegg valde banken i 2023 å flytte nokre lån til Eika Boligkreditt. Eika Boligkreditt vart nytta for å skaffe banken rimelegast mogeleg finansiering. Ved årsskiftet er brutto utlån til kundar på eiga bok 5.344 mill. kr, ein auke på 253 mill. kr i løpet av året. Banken har auka netto utlånsportefølje i Eika Boligkreditt AS (EBK) med 60,5 mill. kr. Dette gjev ein samla utlånsvekst i 2023 på 314 mill. kr, eller 5,6 %. Utlånsportefølja formidla gjennom EBK er på 603 mill. kr, eller 12,4 % av banken sine samla PM utlån, noko som er lite samanlikna med andre samanliknbare bankar. Dette gjev Vekselbanken eit godt utgangspunkt til vidare vekst.

## Utlånsutviklinga



Totalt fordeler brutto utlån seg med 79,6 % på privatkundemarknaden og 20,4 % på bedriftskundemarknaden. Sjå elles note 6, 7, 10 og 12.

## Nedskrivningar på utlån

Banken bokfører netto nedskrivningar for tap i 2023 med 4,4 mill. kr mot 1,7 mill. kr i 2022.

Summen av netto misleghaldne engasjement i prosent av netto utlån er 0,013 % i 2023, og det er ned frå 0,23 % i 2022. Framleis er det låge nivå. Styret kjenner seg trygg på at nedskrivningane som er føreteke på utlån er tilstrekkelege ut frå den risiko som ligg i engasjementa, og den spesielle situasjonen med auka usikkerheit. Samla er det berekna 5,6 mill. kroner i bransjevise tillegg nedskrivningar i tillegg til dei modellberekna nedskrivningane relatert til auka usikkerheit jamfør note 3.

Nedskrivning for tap vert vurdert når eit engasjement er misleghalde i 30 dagar ved manglande innbetaling, eller når kunden sin økonomiske situasjon tilseier at tap kan verta pårekna. Banken arbeider kontinuerleg med å unngå tap på utlån. Gjennom året har banken medverka til nyinvesteringar, og også hjelp og støtte med bl.a. avdragsutsetjing til dei som har hatt behov for det i periodar. I 2020, 2021 og 2022 vart det innvilga 32,1 mill. kr i statsgaranterte lån knytt til koronapandemien fordelt på 16 lån. Desse er det starta tilbakebetaling av i 2023. For vidare spesifisering av tap på utlån og garantiar og banken sine tapsnedskrivningar, vert det vist til note 8, 9, 11 og 13.




## Garantiar

Banken har ved årsskiftet eit samla garantiansvar overfor kundar på 105,5 mill. kr. Vidare stiller banken garanti overfor Eika Boligkreditt AS på 8,9 mill. kr i samsvar med standardavtale for eigarbankane i Eika Boligkreditt AS. Garantiar fordelt etter garantitype er spesifisert under note 38.

## Innskot

Auken i innskot det siste året har vore 316 mill. kr, eller 7,8 %.

### Innskotsutviklinga



Ved utgangen av 2023 har banken ei innskotsdekning (innskot i prosent av brutto utlån) på 82,2 %, mot 80,0 % på same tid året før. Sjå elles note 32.

## Likviditet

Banken sin likviditetssituasjon er god. Samla for året har banken auka seniorobligasjonsgjelda med 59 mill. kr. Tilgangen på likviditet har vore god. Framtidige forfall er godt spreidd dei neste fire åra. Som medeigar i Eika Boligkreditt AS har banken tilgang på konkurransedyktig bustadfinansiering med både flytande og fast rente. Banken har høve til å kanalisere framtidig utlånsvekst gjennom denne kanalen, og har såleis eit godt alternativ til ekstern finansiering.

Styresmaktene har innført eit minstekrav på 100 % for indikatoren Liquidity Coverage Ratio (LCR). Banken rapporterer LCR ved årsskiftet på 642 %, og ein Net Stable Funding Ratio (NSFR) på 138 %.

## Eigenkapitalen

Bokført eigenkapital auka frå 693,7 mill. kr til 724,5 mill. kr i 2023. Banken styrka kapitalsituasjonen gjennom tillagd overskotet av god drift i 2023 på samla 41,1 mill. kr. Samstundes vart berekningsgrunnlaget til banken (nemnaren i kapitaldekningsbrøken konsolidert) auka med 345 mill. kr. For detaljar sjå note Eigenkapitaloppstilling.

Banken rapporterer konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 22,32 % ved


utgangen av 4. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 20,34 % og 18,71 %. Oppnådde kapitaldekningsprosentar ligg godt over dei regulatoriske minstekrava inkl. bufferkrava ved utgangen av 2023. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,5 %. Dette er godt over minstekravet på 3 %. Sjå elles note 4.

Banken står godt rusta til å møte både dagens og forventa framtidige minstekrav til kapitaldekning. Samstundes vil ein også ha handlingsrom til å vera ein god medspelar i å bidra til ytterlegare vekst og utvikling for eksisterande og nye kundar.

## Rådveldekapitalen

Samla rådveldekapital ved utgangen av året er 6.267 mill. kr, ein auke på 407 mill. kr eller 6,9 % samanlikna med utgangen av 2022. Inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er rådveldekapitalen 6.870 mill. kr. og med ein auke på 7,3 % siste året.

### Utvikling i rådveldekapital



Banken har ingen konkrete planar om aktivt å tilby tenester utanfor vårt naturlege marknadsområde. Banken held fram satsinga si på å vera ein menneskeorientert bank, slik at kundar som ynskjer det, lett skal ha tilgang til ein av våre rådgjevarar for råd og rettleiing, samt utføring av alle banktenester.

Gjennom vårt eigarskap i Eika Gruppen AS, satsar banken saman med dei rundt 45 andre lokalbankane på den digitale utviklinga. Mobilbanken og andre digitale løysingar vert vidareutvikla med gode løysingar for betaling og lettfatteleg informasjon. Det vert lagt ned monalege ressursar i dialog med kundar og ekspertar for å få fram gode kundevenlege løysingar. Dei elektroniske betalingsløysingane våre er enkle og rasjonelle, og største delen av betalingane gjennom banken vert utført av kundane sjølve. Gjennom eigarskapen i Vipps AS og samarbeid i Eika Alliansen, ligg det også til rette for å kunne tilby nye løysingar med utgangspunkt i PSD 2 (Payment Services Directive 2). Dette vil komma kundane til gode, og det syner verdien av at ein held fram med å samarbeida om gode fellesløysingar innan bank- og finansbransjen. Byte av datasentral frå SDC til TietoEvry i 2023 har gjeve banken ytterlegare utviklingskraft på IKT-området.

## Eika Gruppen – finanskonsernet som styrkjer lokalbanken

Vekselbanken er aksjonær i Eika Gruppen AS og ein av rundt 45 lokalbankar i Eika Alliansen. Eika Gruppen sitt strategiske fundament er å styrkja lokalbankane. Bankane i Eika Gruppen utgjer ei av dei største finansgrupperingane i Noreg, med ein samla rådveldekapital (inkludert Eika Boligkreditt) på om lag 480 mrd. kr og om lag 2.500 tilsette.

Lokalbankane, Eika Banksamarbeidet, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt utgjer Eika Alliansen. Lokalbankane i Eika Alliansen har ein sterk og lokal posisjon med sin nærleik til kundane, og har medverka til økonomisk utvikling og tryggleik for privatkunder og lokalt næringsliv i norske lokalsamfunn i snart 200 år. Dei lokale bankane i Eika Alliansen har fullt sjølvstende og styrer sjølv sin eigen strategi og si lokale merkevare. Lokalbankane sitt viktigaste konkurransefortrinn er nærleik og personleg engasjement for kundane, samt inngåande kunnskap om lokalsamfunnet. Lokalbankane i Eika Alliansen er dermed unike og viktige økonomiske bidragsytarar til vekst og utvikling for både privatpersonar og norsk samfunns- og næringsliv. Lokalbankane i Eika Alliansen har blant landet sine mest tilfredse kunder både i person- og bedriftsmarknaden. Med 170 bankkontor i 114 kommunar representerer lokalbankane ein viktig aktør i norsk finansnæring og medverkar til verdiskaping i mange norske lokalsamfunn.

Eika Gruppen utgjer finanskonsernet i Eika Alliansen og har som visjon «Vi styrkjer lokalbanken». Konsernet si kjerneverksemd er tenesteleveransar til lokalbankane og kundane deira. Eika Gruppen utviklar og leverer tenester som støttar opp under stabil og effektiv bankdrift, saman med løysingar og kompetanse som skal sikra vidare vekst og utvikling i bankane, lokalsamfunna og ikkje minst for kundane. Dette betyr at Eika Gruppen konkret leverer ei komplett plattform for bankinfrastruktur inkludert IKT, betalingsformidling og digitale tenester som nett- og mobilbank. Eika Gruppen har eit profesjonalisert prosjekt- og utviklingsmiljø som investerer store ressursar i utvikling av nye digitale løysingar for lokalbankane og deira kunder.

Bankane sine behov for å utvikle nye digitale løysingar som både bidreg til gode kundeopplevingar og samtidig ivaretek kundane sin sikkerheit samt eit aukande tal regulatoriske krav, er både krevjande og kostnadsdrivande. For å styrke bankane si konkurransekraft har Eika og bankane migrert sine kjernebankløysingar frå danske SDC til Tietoevry. Frå og med 2024 vil dette gje bankane og deira kunder betre løysingar og meir kostnadseffektiv utvikling av nye løysingar for bankane samanlikna med tidlegare.

Produktselskapa i Eika Gruppen; Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmeistring - leverer eit breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysingar og kompetansehevande konsept. Utover desse leveransane gjev Eika Gruppen alliansebankane tilgang til kompetanseutvikling gjennom Eika Skolen, verksemdsstyring med Eika ViS, økonomi- og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice, Eika Kundesenter og depottenester med Eika Depotservice. I tillegg til desse fellestenestene arbeider Eika Gruppen for medlemsbankane innan område som berekraft, kommunikasjon, marknad og merkevare saman med næringspolitikk for å ivareta bankane sine næringspolitiske interesser gjennom dialog med relevante styresmakter. Dei samla leveransane frå Eika Gruppen sikrar lokalbankane si konkurransekraft, slik at dei kan byggja vidare på sin sterke lokale posisjon i eige marknadsområde.

I 2023 inngjekk Eika Kredittbank ein avtale om fusjon med Sparebank1 Kreditt, og Eika Forsikring inngjekk ein avtale om å slå seg saman med Fremtind Forsikring. Etter planen, og forutsett

myndighetene si godkjenning, vil desse selskapa verta fusjonert i 2024 og bankane i alliansen vil vera eigarar av og distributørar av produkt frå dei to samanslåtte selskapa. Dette er gjort for å styrke dei to selskapa si konkurransekraft som igjen vil bidra til å styrke lokalbankane.

Eika Boligkreditt (EBK) er ein del av Eika Alliansen, og er direkte eigd av 59 lokalbankar og OBOS. Selskapet sitt hovudføremål er å sikra lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering. Selskapet har ein rådveldekapital på om lag 120 milliardar, og er med sin tilgang til den norske og internasjonale marknaden for "Obligasjonar med Fortrinnsrett" (OMF) ei viktig finansieringskjelde for alliansebankane si bustadlånportefølje.

## Eigartilhøve

### Vedtektene

Banken sine vedtekter § 2-2, 3. ledd har fylgjande reglar om maksimum eigarandel:

«Ingen kan eiga meir enn 10 % av aksjekapitalen i banken».

I tillegg har banken sine vedtekter §3-6 fylgjande reglar om røysterett:

«På generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likt med aksjeeigarane sine eigne aksjar skal ein rekna aksjar som er eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansføretakslova § 6-5.

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

- 1 - 200 aksjar gjev ei røyst
- 201 - 400 aksjar gjev to røyster
- 401 - 800 aksjar gjev tre røyster
- 801 - 2.000 aksjar gjev fire røyster

Fleire enn 2.000 aksjar gjev fem røyster som er det høgste røystetal nokon kan ha."

Styret i banken held fast på strategien om at banken skal halda fram som ein sjølvstendig bank med spreidd eigarskap og sterk lokal forankring i tråd med tradisjonen sidan etableringa.

## Risikostyring

Styret har etablert tilfredsstillande tiltak for risikostyring og fastsett rammer for risikoeksponering. Vedteken risikoprofil er moderat.

Banken sine forretningsaktivitetar fører til at verksemda er eksponert for ei rekkje finansielle risikoar. Banken si målsetjing er å oppnå ein balanse mellom avkastning og risiko, og å minimere potensielle negative verknader på banken sine finansielle resultat. Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisere og analysere desse risikoane, samt å etablere høvande risikorammer og -kontrollar, og å overvake at rammer vert overhalde gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjonssystem. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikre at endringar i produkt og marknad vert reflektert i risikorammene.

Ansvar for bankens risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiinga. Styret vedtar bankens mål og rammestruktur innanfor alle risikoområde, herunder retningslinjer for styring av risiko.

Administrerende banksjef har ansvaret for bankens samlede risikostyring. Alle avgjerder knytt til risiko og risikostyring vert normalt fatta av administrerende banksjef i samråd med øvrige medlem i banken si leiing.

Alle leiarar i banken har ansvar for å styre risiko og sikre god intern kontroll innanfor eige område i tråd med bankens sin vedtekne risikoprofil.

## **Marknadsrisiko**

Banken er eksponert for marknadsrisiko, som er risikoen for at verkeleg verdi av framtidige kontantstraumar knytt til finansielle instrument vil endra seg pga. endringar i marknadsprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente-, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar og endringar i volatiliteten til prisar som rentesatsar, kredittspread, valutakursar og aksjeprisar.

Styring av marknadsrisiko tek utgangspunkt i styrevedteken policy for marknadsrisiko der det er sett rammer for eksponering innan ulike risikokategoriar. Risikoeksponering og -utvikling vert overvaka løpande og vert rapportert periodisk til styret.

Styret har vedteke ein låg risikoprofil for bankens sin marknadsrisiko. Hovudtype av marknadsrisiko for banken ligg i ei renteendring på bankens sine rentepapir. Endringar på verdien av samla renteberande plasseringar må verta halde innanfor 4 mill. kr ved ei endring på to prosent i alle renter. Samla renterisiko skal bereknast som estimert verdiendring for alle renteberande postar, inkludert utlån og innskot.

## **Kredittrisiko**

Styring av kredittrisiko tek utgangspunkt i styrevedteken policy for kredittrisiko der det er sett rammer for eksponering innan bl.a. bransjar og risikoklassar. Risikoen for tap på utlån og garantiar vert vurdert som låg til moderat. Overvakinga skjer regelmessig ved gjennomgang av misleghald, overtrekk, økonomioppfølging av kundane, og utvikling av verdien på banken si trygd. Engasjement vert systematisk risikoklassifisert etter ein objektiv PD-modell (sannsyn for misleghald).

## **Likviditetsrisiko**

Likviditetsstyringa tek utgangspunkt i bankens sin overordna likviditetspolicy vedteken av styret. Likviditetspolicyen vert gjennomgått minimum årleg. Bankens sine rammer og retningslinjer for likviditetsrisiko speglar bankens sin konservative risikoprofil på området. Bankens sine innskot består hovudsakleg av innskot frå heilkundar i bankens sitt marknadsområde.

Likviditetsrisikoen seier noko om risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri sine forpliktingar ved forfall, samt risikoen for at banken ikkje klarar å møte sine likviditetsforpliktingar utan at kostnaden aukar dramatisk. Utifrå eit breiare perspektiv inneheld likviditetsrisiko også risiko for at banken ikkje er i stand til å finansiere auke i eignelutar etter kvart som refinansieringsbehovet aukar.

Banken sin likviditetsrisiko er låg. Ved årsskiftet utgjør innskota 82,2 % av brutto utlån. Banken har ikkje fastrente som standardvilkår korkje på innskot eller utlån. Innskot med binding på 31 dagar eller meir utgjør vel 1,7 mrd. kr. Banken sine verdipapirplasseringar er i det alt vesentlege vurdert som likvide og lett omsettelege.

## **Valutarisiko**

Valutarisikoen til banken er for det meste knytt til verdiendringar på banken si kontantbeholdning av valuta. Tidlegare var det også valutarisiko knytt til betaling av datasentralkostnader (SDC) i danske kroner. Denne risikoen fall bort i samband med byte av datasentral i 2023. Den gjennomsnittlege valutabeholdninga gjennom året utgjør om lag 0,7 mill. kr.

## **Operasjonell risiko**

Risikoen for tap som skuldast svakheiter eller feil i prosessar og system, feil begått av tilsette, eller eksterne hendingar. Styring av operasjonell risiko tek utgangspunkt i banken sin policy for operasjonell risiko og internkontroll. Det vert gjennomført risikovurderingar både på overordna nivå og innanfor ulike prosessar som banken til ei kvar tid er eksponert for. Hendingar som har påverka, eller kan påverka banken si lønsemd og/eller omdømme, vert fylgd systematisk opp. I tillegg til at det årleg vert føreteke ei omfattande gjennomgang av vesentlege operasjonelle risikoar og kontrolltiltak, føretek leiinga ei løpande vurdering av operasjonelle risikohendingar og iverksett ytterlegare risikoreduserande tiltak ved behov. Det vert føreteke løpande rapportering av operasjonelle tapshendingar og internkontrollavvik til leiing og styret.

Banken sin operasjonelle risiko er låg til moderat. Banken har auka ressursbruken og tilført kompetanse innan bl.a. berekraft og AHV i løpet av 2023.

## **Forretningsrisiko**

Risiko for tap på grunn av endringar i eksterne tilhøve som marknadssituasjon eller myndighetene sine reguleringar. Risikoen inkluderer også omdømmerisiko. Styring og kontroll med banken sin forretningskikkrisiko er basert på banken sin styrefastsette policy. Det pålegg alle tilsette å bidra til at kundane sine behov og rettar vert ivareteke på ein tilfredsstillande måte, herunder gjennom ei fagleg god og redeleg kundehandsaming som sikrar at banken sine kundar kan ta bevisste og velinformerte val.

## **ESG risiko**

Risiko relatert til miljø, samfunnsansvar og selskapsstyring inngår i ESG risiko. Deriblant også klimarisiko. Klimarisiko omfattar risiko for auka kredittisiko og finansielle tap for banken som fylgje av klimaendringar. Banken føretek årleg gjennomgang av risiko i banken der ESG og klimarisiko inngår.

Det er fyrst og fremst relatert til utlån til bedriftsmarknaden at det er identifisert at banken er utsett for klimarisiko. Dette er både relatert til fysisk risiko, men også overgangsrisiko frå dagens situasjon til eit lågutsleppssamfunn. Difor er vurdering av berekraft og klimarisiko integrert i banken sin kredittprosess. Sidan banken ikkje er eksponert mot blant anna olje og gassnæringa vert næringseigedom, bygg og anlegg samt landbruk vurdert å vera dei sektorane som har høgast ibuande klimarisiko i banken si portefølje. Samtidig er det store moglegheiter for positiv påverknad i disse bransjane.

## Compliance (etterleving)

Compliancerisiko er risikoen for at banken pådreg seg offentlege sanksjonar/bøter eller økonomiske tap som følgje av manglande etterleving av lover og forskrifter. Banken vektlegg gode prosessar for å sikre etterleving av gjeldande lover og forskrifter. Styret vedtek banken sin compliance-policy som skildrar hovudprinsippa for ansvar og organisering. Det vert arbeida kontinuerleg med å vurdere beste tilpassing til nye reguleringar og nytt regelverk for både å ivareta etterleving og effektivitet i organisasjonen. Nye reguleringar og nytt regelverk som påverkar drifta skal fortløpande inkluderast i rutinar og retningslinjer.

Aktiviteten på compliance-området har vore stor i dei seinare åra, særleg knytt opp mot krava innan kvitvasking (AHV) og GDPR. Banken har implementert spesifikke rutinar og retningslinjer for å sikre etterleving, og jobbar aktivt for å oppretthalde og vidareutvikle dei tilsette sin kompetanse på området.

## Føretaksstyring

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA sitt føremål går klart fram i banken sine **vedtekter**. Banken kan innanfor ramma av den lovgjevinga som gjeld, utføra alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at bankar utfører. Banken sitt mål er å vera ein sjølvstendig, frittstående og velsedd forretningsbank med hovudsete på Voss. Når det gjeld vedtektene sine reglar om største eigarpost og stemmerettsreglar, syner banken til note 36.

Dei sentrale organa i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA er generalforsamlinga, styret, risiko- og revisjonsutvalet og godtgjeringsutvalet.

Gjennom **Generalforsamlinga** utøver aksjeeigarane den øvste myndigheita i banken. Generalforsamlinga fastset banken sin årsrekneskap, herunder utdeling av utbytte. Generalforsamlinga vel fire medlemmer til banken sitt styre, saman med to varamedlemer. Generalforsamlinga vel tre medlemmer og eitt varamedlem til ei valnemnd som skal førebu valet av medlemmer til banken sitt styre. Generalforsamlinga vedtek retningslinjer for valnemnda, fastset godtgjersle til banken sine tillitsvalde og revisor, og vel revisor eller revisjonsfirma. Vidare skal generalforsamlinga handsama andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer inn under denne.

**Styret** er på fem medlemmer der fire er vald av generalforsamlinga og ein er vald av og blant dei tilsette i banken. For styremedlemer vald av generalforsamlinga skal det veljast to varamedlemer med møterett i styret, og for dei tilsette sin representant vert det av og blant dei tilsette vald eitt varamedlem med møterett. Styremedlemer vert valde for to år, og varamedlemer for eitt år. Eit styremedlem kan som hovudregel ikkje veljast att etter 12 års samla tenestetid.

Styret skal syta for forsvarleg organisering av føretaket, sjå til at organisering av verksemda og etablering av forsvarlege styrings- og kontrollsystem vert etterlevd, og elles fylgja dei til ei kvar tid gjeldande lover, reglar og retningslinjer. Styret har vedteke at banken skal ha ein moderat risikoprofil. Instruks for styrearbeidet er vedteke, likeins årleg strategidokument med måltal, overordna policydokument for verksemdstyring, kreditt- marknads- og likviditetsrisiko saman med policydokument for operasjonell risiko, som dei mest sentrale styringsdokumenta.

Banken har teikna ansvarsforsikring, som også gjeld for styret og administrerande direktør, og som omfattar mogleg erstatningskrav knytt til styret og administrasjonen sitt arbeid.

Styret tilset administrerande direktør, og fastset denne si godtgjersle/løn. Styret er banken sitt **godtgjeringsutval**. Godtgjeringsutvalet skal førebu styret sitt arbeid med godtgjeringsordningane.

Styremedlemene er uavhengige i høve til banken si leiing, og storleiken på deira engasjement er ikkje vesentleg for banken. Styret får ikkje godtgjersle utover godkjend honorar. Honorara er ikkje resultatavhengig. Banken har ikkje noko opsjonsordning.

Styret er banken sitt kombinerte **risiko- og revisjonsutval**. Dette utvalet skal klargjera og utdjupa styret sitt ansvar for rekneskapsrapportering, revisjon, internkontroll og den samla risikostyringa i banken.

Finansføretakslova set krav til at banken skal ha ein eigen **risiko- og compliancefunksjon**, som ikkje skal delta i risikotaking i banken, vera uavhengig av banken sin administrasjon og rapportera direkte til banken sitt styre.

**Revisor** skal fylgja dei instruksane og pålegga som generalforsamlinga måtte gje, for så vidt dei ikkje strir mot føresegner gjeve i lov eller i samsvar med lov eller mot vedtektene i banken eller god revisjonsskikk. Revisor gjev sine merknader og meldingar gjennom styret til generalforsamlinga. Revisor har årleg gjennomgang med styret og risiko- og revisjonsutvalet om banken sitt interne kontrollarbeid, og deltek i kvartalsvise møter med risiko- og revisjonsutvalet.

**Banksjefen** (administrerande direktør) har den daglege leiinga av bankverksemda i samsvar med lovgjeving, vedtekter og dei retningslinjer og pålegg som styret gjev. Han har fullmakt til å avgjera alle vanlege bankforretningar etter retningslinjer som styret dreg opp. Han skal førebu alle styresaker og pliktar å retta seg etter dei vedtak styret har gjort, og konferera med styret i viktige saker. Instruks for banksjef vert fastsett av styret.

## Eigenkapital

Banken skal ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. For å kunne auka eigenkapitalen i takt med generell auke i verksemda, vil det vera naudsynt å nytta fleire kjelder. Eigenkapitalen skal verta styrka ved kapitalopplegg over drifta. Gjennom ein tilfredsstillande utbyttepolitikk skal tilhøva verta lagt til rette for å auka eigenkapitalen gjennom nyteikningar. Opptak av fondsobligasjonar og ansvarlege lån kan vera supplerande kjelder. Transaksjonar med tillitsvalde, tilsette og deira nærstående, vert ført via børs eller til siste kjende børskurs. Styret får melding om desse transaksjonane. Styret har fram til generalforsamling i 2024 fullmakt til å kjøpa inntil 1 % av eigne utferda aksjar i banken.

## Etikk

Banken har utarbeidd detaljerte etiske retningslinjer. Høg etisk standard er vurdert som viktig for banken sitt omdømme.

## Informasjon og kommunikasjon

På banken si internettside vert det publisert finansiell informasjon som finanskalender, kvartals- og årsrekneskap og annan relevant informasjon til aksjonærar, kundar og andre interesserte.



## Kundelokala

Banken har hovudkontor i Vangsgata. Lokalet er tenleg og vel tilpassa for å ta hand om kundehandsaming og rådgjeving. Tilkomsten til banken er god med si plassering på torget i sentrum. Banken etablerte eit rådgjevarkontor i Eidfjord i 2023.

## Pensjonsordninga

Alle tilsette i banken har ei innskotsbasert pensjonsordning med maksimale satsar. Banken si pensjonsordning vert handsama i samsvar med Norsk Regneskapsstandard for Pensjonskostnader, og løpande premie vert kostnadsført.

Dei tilsette er med i «Fellesordningen for Avtalefestet Pensjon». Rekneskapsmessig vert denne AFP-ordninga handsama som ei innskotsbasert ordning, med løpande kostnadsføring av betalt premie. Pensjonsordninga i banken stettar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Sjå note 34.

## Samfunnsansvar

### Menneskerettar

Vekselbanken støttar og respekterer vern om internasjonalt godkjende menneskerettar, og ser til at verksemda vår ikkje medverkar til brot på desse. Vår styrande dokumentasjon for utøving av samfunnsansvar syner til behovet for å respektere desse grunnleggjande rettane. Dette gjeld dei etiske retningslinjene våre, retningslinjer for etiske investeringar og stadfesting av våre leverandørar sitt samfunnsansvar.

### Bidrag til samfunnet

Vekselbanken støttar frivillige lag, ideelle organisasjonar, kultur og andre samfunnsnyttige føremål i lokalsamfunnet med monalege beløp. I 2023 utgjer denne støtta vel 3,0 mill. kr. Felles for støtta er at banken prioriterer aktivitetar som kan gleda mange, som har verdi over tid, som skapar aktivitet og som inneber ein frivillig innsats.

## Arbeidstakarrettar og sosiale tilhøve

### Personalet

Ved utgangen av 2023 hadde banken 24 tilsette, og ei av desse på deltid. Banken har 23,5 årsverk. Samla lønsutgifter for morbank i 2023 utgjorde 21,4 mill. kr, sjå note 21.

### Kompetanseutvikling

Vekselbanken ser på utdanning som ei investering. Banken har ein kompetanseutviklingsplan som inneber at det vert stilt naudsynte ressursar til disposisjon i form av økonomiske midlar og banken sin kompetanse. Tilsette vert stimulert og motivert til å vidareutvikle seg i sitt arbeid gjennom bl.a. utdanning.

Banken har seksten autoriserte finansielle rådgjevarar. I tillegg er fjorten sertifisert for å selja forsikring, og tolv er sertifiserte som kredittrådgjevarar. Banken har som mål at flest mogleg av våre kunderådgjevarar skal kunna handsama kunden sin trong for både finansiering, forsikring og sparing. Dette opplever me er i kunden si interesse, samtidig som det vil vera motiverande for dei tilsette si faglege utvikling og deira høve til å yta kundane god service.

## Mangfald og livsfasepolitikk

Vekselbanken legg vekt på å gje kvinner og menn dei same moglegheitene for fagleg og personleg utvikling, løn og karrieremoglegheiter. Ved utgangen av 2023 har banken seksten kvinner og åtte menn tilsett.

Kvart stillingstrinn i Vekselbanken har lik løn uansett kjønn, og banken har ikkje ubegrunna lønsskilnader mellom kvinner og menn.

Vekselbanken legg vidare vekt på å ha gode ordningar for tilsette i ulike livsfasar i eit langt arbeidsliv i banken. Banken stimulerer og legg til rette for tilsette til å halda fram i fullt arbeid utover 62 år, for at banken kan få nytta deira verdifulle erfaring og kompetanse.

I 2023 var det ein tilsett som gjekk av med pensjon. Ingen tilsette gjekk av med uførepensjon i 2023, 2022 eller 2021.

## Godtgjering

Vekselbanken praktiserer ikkje system for variabel godtgjering, og det er heller ikkje etablert ordningar for individuell bonus. Dette er eit bevisst val for å sikra at slike ordningar ikkje skal medverka til overdriven risikotaking, og for å sikra at banken oppnår og opprettheld ei robust kapitaldekning og langsiktig lønsemd. Styret i banken har for 2024 vedteke ei bonusordning for alle tilsette i banken som tek utgangspunkt i banken si felles måloppnåing.

## Dialog og rettar

Alle medarbeidarane unnateke øvste leiinga er omfatta av tariffavtaleverket innan finanssektoren. Vekselbanken erkjenner retten til å organisere seg og retten til å føra kollektive forhandlingar.

## Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

HMS er viktige element i verksemda sin personalpolitikk, og banken arbeider systematisk med å utvikle arbeidsmiljøet. Banksjef har gjennomført HMS-kurs for leiarar.

Sjukefråværet i 2023 var på 2,76 %. Av det samla fråværet utgjer det eigenmelde fråværet 0,86 %.

## Berekraft - klima og miljø

### Generelt

Fram mot 2030 skal Noreg gjennom ei omfattande omstilling, der klimakutt og -endringar, nye krav, konkurranse og strammare offentlege budsjett, vil leggje press på norske lokalsamfunn og bedrifter.

Lokalbankane si rolle som drivkrefter for vekst og utvikling for privatkundar, næringsliv og norske lokalsamfunn, vil framover verta viktigare enn nokon gong. Lokalbankane sitt rådgjevnadstilbod og nærleik til kundane gjer dei til nykkelaktørar i omstillinga av norske småbedrifter, og i å sikre ny aktivitet og arbeidsplassar når det som ikkje er berekraftig skal erstattast. Nærleik til kunden gjev også lokalbankane eit godt utgangspunkt for å tilby relevante produkt for den veksande kundegruppa som er oppteken av berekraft.

Eika Gruppen og Eika Boligkreditt bidreg til banken si samla konkurransekraft og marknadsposisjon, noko som er eit viktig grunnlag for bankane sitt bidrag til eit berekraftig samfunn. I tillegg vert det arbeida med berekraft i utvikling av produkt, banken sine system og verktoy, kompetansetilbodet til dei tilsette, og med å sikre god miljøleiing og berekraftige val i eigen organisasjon og overfor leverandørar og samarbeidspartnarar.

Saman bidreg me i Eika Alliansen allereie til berekraft i Noreg og i norske lokalsamfunn på mange område, men i åra framover er det behov for at me bidreg enno meir.

Banken har styrevedtekne retningslinjer for berekraftig verksemd og samfunnsansvar. På lik linje med andre næringar har banken eit ansvar for å hindre miljøødeleggingar, korrupsjon eller brot på menneske- og arbeidstakarrettar. For banken handlar samfunnsansvar om særleg å ivareta desse omsyna i investeringar og finansiering. Retningslinjene omhandlar korleis verksemda påverkar menneske, samfunn og miljø. Retningslinjene er gjort kjend for alle tilsette.

### **Kundar og omdømme**

Vekselbanken tilbyr fond i den norske privatmarknaden med kriteria som sikrar det etiske grunnlaget i forvaltninga ved å avstå frå investeringar i selskap som medverkar til brot på menneskerettar, korrupsjon, alvorleg klima- og miljøskade, produksjon av landminer, klasevåpen, atomvåpen og produksjon av tobakk.

Utøving av samfunnsansvar og høg etisk standard ligg til grunn for all utvikling av finansielle tenester i Vekselbanken.

### **Kredittgjevinga**

Banken tek i si kredittgjeving omsyn til føremålet med kreditten, og om kunden driv ei ansvarsfull verksemd. Dette inneber blant anna at varer og tenester vert produsert på ein berekraftig måte, og om kunden respekterer grunnleggjande menneskerettar.

Det er i styrevedteken kredittpolicy slege fast fylgjande: «Banken skal ikkje ha kundar som har si verksemd innan fylgjande bransjar: Olje, Oljeservice, Shipping, Fiskeoppdrett og Fiskeri.»

Banken har grønne utlånsprodukt – Grønt lån og Grønt oppussingslån – som har ei fordelaktig rente, og som skal gje incentiv til kundar om å velja grønne løysingar for eigen bustad.

### **Berekraftige investeringar**

Banken har i plassering av overskotslikviditet investert i fond frå leverandørar som er UN PRI signatory (FN støtta prinsipp for ansvarlege investeringar). UN PRI vert sett på som beste praksis innan ansvarlege investeringar. Det inneber at eit selskap sin ESG-profil vil inngå som kriteria for ei investeringsavgjerd. Me fylgjer også Statens Pensjonsfond (Oljefondet) sin investeringsprofil, og denne har tydelege retningslinjer når det gjeld ansvarlege investeringar. Det inneber at banken ikkje investerer i selskap som Etikkrådet i Norges Bank rår ifrå. Banken investerer ikkje i selskap som gjer seg skuldig i:

- Grove krenkingar av menneskerettar.
- Alvorleg miljøskade.
- Alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konflikt.
- Grov korrupsjon.

- Andre brot på grunnleggjande etiske normer.

Vidare har banken vald å ekskludere selskap innan industriane kol, tobakk, våpenproduksjon og gambling. Selskap som produserer klasevåpen, kjernevåpen, landminer og sal av militært utstyr til visse statar er også ekskludert. Banken utelukkar også selskap basert på produktinvolvering i for eksempel palmeolje, pornografi og oljesand.

## Miljøutslepp

Vekselbanken sin direkte klima- og miljøpåverknad er i hovudsak knytt til eigne klimagassutslepp og avfall frå kontorverksemda. Banken har ein elektrisk varebil, som vert nytta til lokal køyring og andre småoppdrag. Banken vart Miljøfyrtårnsertifisert i juni 2020, og resertifisert i juni 2023. Som miljøfyrtårn bidreg me til å jobbe i tråd med FN sine berekraftsmål. Ei berekraftig framtid treng konkret handling, og ein felles innsats både frå næringsliv, myndigheiter og forbrukarar.

I våre retningslinjer heiter det at tenestereiser normalt skal skje med offentleg transportmiddel. Gjennom standard PC-plattform er det tilrettelagd for auka bruk av nettmøte, nettprat og deling av dokument. Dette reduserer trongen for fysiske møte og reiseverksemd, og dette har me fått praktisert og nytta dei siste åra.

Vekselbanken sin indirekte miljøpåverknad skjer gjennom å tilby miljøvenlege produkt og tenester, og ved å påverka kundar og leverandørar til å ta miljøvenlege val. Banken har også bidrege til finansiering av fleire minikraftverk og biovarmesentralar i vårt marknadsområde, og har gjeve støtte til den lokale satsinga kring Voss som berekraftig reisemål/destinasjon.

Vekselbanken tilbyr stadig fleire papirlause tenester som reduserer belastninga på miljøet. Gjennom at alle kundar med mobilbank/nettbank har BankID, mogleggjer dette fleire papirlause prosessar mellom kunden og banken. Me tilbyr bl.a. elektronisk signering av dei fleste bankdokument samt kjøp av fond og forsikring.

## Kamp mot korrupsjon

I Vekselbanken har me strenge tryggingstiltak for å avdekka og kjempa mot organisert kriminalitet, og enkeltindivid sine forsøk på økonomisk vinning gjennom kriminelle handlingar.

## Antikvitvasking

Vekselbanken er underlagd styresmaktene sitt antikvitvaskingsregelverk som skal bidra til å kjempa mot kvitvasking og terrorfinansiering. Blant anna er banken pålagd å utgreie alle mistenkelege transaksjonar, såkalla forsterka kundekontroll. Slike mistenkelege transaksjonar vert dagleg gjennomgått. Dersom vår mistanke om at transaksjonen kan vera del av kvitvasking, stammar frå ei kriminell handling eller forsøk på skattesvik, vert denne rapportert vidare til Økokrim. Det er etablert eigen rutine for anti-kvitvasking i banken.

Gjennom felles tiltak i Eika Alliansen er nye rutinar og tiltak implementert i system og dagleg virke, i takt med at trussel- og risikobiletet innan dette området har endra seg.

## Utgreiing i samsvar med openheitslova

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA er underlagd reglane i Lov om verksemdar si openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve (openheitslova),

herunder plikta til å gjere greie for akksamheitsvurderingar. Voss Veksel- og Landmandsbank ASA si utgreiing vil verta publisert på [www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no) innan den lovfaste fristen 30. juni 2024.

### Visjon og forretningside

Styret saman med alle tilsette i banken har i 2023 arbeidd vidare med konkretisering og styrking av banken sine viktigaste kundeløfte.

Me held fast på vår visjon om å vera

### -ein god medspelar-

Våre kjerneverdier er å vera profesjonell på ein aktiv, servicevenleg og tillitsfull måte.

Forretningsideen vår er å levera konkurransedyktige finansielle tenester til kundar i vårt marknadsområde, og vår strategi er å vera framtidsretta og offensiv, med sunn vekst forankra i sjølvstende.

### Ein god medspelar

I 2023, som tidlegare år, har banken støtta opp om det yrande lags- og organisasjonslivet i bygdene i vårt marknadsområde. Viktig har våre bidrag overfor kultur- og lagslivet vore i etterkant av dei tunge pandemiåra, og me har prioritert å støtta dei me har faste samarbeidsavtalar med samt store arrangement som har vore. Mange idretts- og kulturanlegg er bygd, drifta og vedlikehalde med hjelp frå oss. Anlegga vil koma innbyggjarar og tilreisande til gode i mange år framover.

Vekselbanken er og skal vera ein god medspelar for lags- og kulturlivet i bygdene me er i. Vår støtte og vårt engasjement strekkjer seg ikkje berre til dei store og prestisjetunge arrangementa. I løpet av året støttar banken store og små hendingar.

Vekselbanken har sidan etableringa vore medlem og aksjonær i Hardanger og Voss Næringshage, og banken er medlem i Voss Sentrum og de nyetablerte Voss Næringsråd. Banken er stolt medlem i Vossa Jazz-lauget. Banken har i tillegg gjennom året gjeve lysingsstønad til mange små og store hendingar i bygda.

Utøvarar innan idrett og kultur er gode ambassadørar og set Voss med omland på kartet både nasjonalt og internasjonalt. Banken gratulerer alle med gode prestasjonar og er stolt av at bygda fostrar så mange dyktige utøvarar. Me vonar støtta vår er med på å styrkja rekrutteringa.

Banken vil og i denne samanheng hylla alle dei frivillige som stiller opp for både egne og andre lag, og gjer at regionen er kjend som ein sær god arrangør. Utan denne frivillige innsatsen innan både idrett og kultur, hadde dei mange gode utøvarane ikkje klart å hevda seg så godt. Festivalar, idrettsarrangement og andre aktivitetar som bygdene våre har vorte så kjend for, trekkjer store mengder tilreisande til regionen. Dette nyt alle godt av, og det har mykje å seia for det lokale næringslivet.

## Utsiktene for 2024

Aktiviteten og veksten i vårt marknadsområde har teke seg opp att etter pandemiåra. Voss har som regionscenter og med eit breitt samansett næringsliv, gode føresetnader til å komme seg gjennom tider med større usikkerheit.

Den vedvarande krigen i Ukraina og Midtausten kombinert med vedvarande høg inflasjon har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen er framleis på eit høgt nivå, og kombinert med stigande renter har dette bremsa aktiviteten i mange bransjar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrkjer banken sitt inntektsgrunnlag.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

Omstillingstiltaka banken har gjennomført i dei siste åra har bidrege til å styrkje kjernedrifta, og gjennom dei gode tilbakemeldingane banken har fått frå kundane i kundemålingane framstår banken som ein sterk lokal aktør som kan levere på det kundane forventar frametter.


Banken kjenner ikkje til faktorar etter rekneskapsåret sin utgang som er viktig for vurderinga av banken si stilling.


## Avslutning

Styret nyttar høvet til å takka alle kundar og aksjonærar for godt samarbeid i året som har gått. I sitt 125 rekneskapsår og inn i jubléumsåret 2024 er banken godt rusta for framtida med ein strek soliditet, god basisdrift, nøgde kundar og særskild dyktige tilsette. Styret takkar også alle tillitsvalde for deira innsats for banken, og ikkje minst dei tilsette i banken for god oppfølging av kundane, historisk godt resultat og godt samarbeid i 2023.

Voss, 12. mars 2024


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef

## Resultatrekneskap

Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Noter	Morbank		Konsem	
		2023	2022	2023	2022
Renteinntekter	Note 18	295.469	174.787	295.425	174.782
Rentekostnader og liknande kostnader	Note 18	162.408	65.446	162.395	65.446
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	Note 18	<b>133.060</b>	<b>109.341</b>	<b>133.030</b>	<b>109.336</b>
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktjenester	Note 20	17.871	17.121	17.871	17.121
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester	Note 20	3.330	2.221	3.330	2.221
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument	Note 20	3.360	4.571	3.360	4.571
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 20	19.638	2.692	19.638	2.692
Andre driftsinntekter	Note 20	29	17	5.104	466
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	Note 20	<b>37.567</b>	<b>22.181</b>	<b>42.642</b>	<b>22.630</b>
Løn og andre personalkostnader	Note 21	29.289	24.066	31.175	24.245
Andre driftskostnader	Note 22	35.316	33.570	37.579	33.957
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eignelutar	Note 30	1.364	1.516	1.416	1.528
<b>Sum driftskostnader før kredittap</b>		<b>65.969</b>	<b>59.152</b>	<b>70.170</b>	<b>59.730</b>
Kredittap på utlån, garantiar mv. og rentebærende verdipapir	Note 11	4.419	1.731	4.419	1.731
<b>Resultat før skatt</b>		<b>100.239</b>	<b>70.639</b>	<b>101.084</b>	<b>70.505</b>
Skattekostnad	Note 24	23.245	16.339	23.430	16.310
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>76.994</b>	<b>54.300</b>	<b>77.653</b>	<b>54.195</b>
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>					
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 26	6.882	5.980	6.882	5.980
<b>Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet</b>		<b>6.882</b>	<b>5.980</b>	<b>6.882</b>	<b>5.980</b>
Verdiendring utlån til verkeleg verdi		59	125	59	125
Skatt		-15	-31	-15	-31
<b>Sum postar som vil bli klassifisert over resultatet</b>		<b>44</b>	<b>94</b>	<b>44</b>	<b>94</b>
<b>Sum andre inntekter og kostnader</b>		<b>6.927</b>	<b>6.074</b>	<b>6.926</b>	<b>6.074</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>83.921</b>	<b>60.374</b>	<b>84.580</b>	<b>60.269</b>
<b>Resultat per aksje av ordinært resultat</b>		<b>32,89</b>	<b>23,63</b>	<b>33,04</b>	<b>23,60</b>
<b>Fordeling av resultat av ordinær drift etter skatt</b>					
Aksjeeigarene sin andel av resultatet i perioden etter skatt				72.814	52.012
Hybrideigarane sin andel av resultatet i perioden etter skatt				4.516	2.234
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet i perioden e. skatt				322	-51
<i>Fordeling av totalresultat</i>					
Aksjeeigarene sin andel av resultatet i perioden etter skatt				79.740	58.086
Hybrideigarane sin andel av resultatet i perioden etter skatt				4.516	2.234
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet i perioden e. skatt				322	-51

## Balanse - Eignelutar

Tal i tusen kroner	Notar	Morbank		Konsern	
		2023	2022	2023	2022
Kontantar	Note 25-26	77.931	76.809	77.931	76.809
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	Note 25-26	265.139	149.017	265.139	149.017
Netto utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 6-11, 25-26	3.922.134	3.740.516	3.921.806	3.740.093
Netto utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 6-11, 25-26	1.396.350	1.322.257	1.396.678	1.322.257
Aksjer, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 27-28	585.183	549.012	585.183	549.012
Eigarinteresser i konsernselskap	Note 29	153	153	0	0
Varige driftsmidlar	Note 30	16.601	16.660	16.892	17.006
Andre eigenlutar	Note 31	3.670	5.931	4.196	6.360
<b>Sum eignelutar</b>		<b>6.267.159</b>	<b>5.860.355</b>	<b>6.267.823</b>	<b>5.860.553</b>

## Balanse - Gjeld og eigenkapital

Tal i tusen kroner	Notar	Morbank		Konsern	
		2023	2022	2023	2022
Innlån fra kredittinstitusjonar		0	24	0	24
Innskot og andre innlån frå kundar	Note 32	4.391.029	4.074.831	4.390.434	4.070.793
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 33	1.049.368	989.974	1.049.368	989.974
Anna gjeld	Note 34	21.496	24.760	21.905	28.960
Betalbar skatt	Note 24	19.427	16.533	19.583	16.533
Utsatt skatt	Note 24	1.549	0	1.549	0
Andre avsetningar	Note 10-11	324	463	324	463
Ansvarleg lånekapital	Note 33	60.142	60.109	60.142	60.109
<b>Sum gjeld</b>		<b>5.543.335</b>	<b>5.166.693</b>	<b>5.543.304</b>	<b>5.166.855</b>
Aksjekapital	Note 36	11.103	11.103	11.103	11.103
- Eigne aksjar		-84	-84	-84	-84
Overkursfond	Note 4	46.995	46.995	46.995	46.995
Fondsobligasjonskapital	Note 35	50.210	76.313	50.210	76.313
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>108.225</b>	<b>134.327</b>	<b>108.225</b>	<b>134.327</b>
Fond for urealiserte vinstar	Note 4	39.402	33.401	39.402	33.401
Annan eigenkapital	Note 4	576.197	525.933	576.477	525.877
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>615.599</b>	<b>559.334</b>	<b>615.879</b>	<b>559.278</b>
Ikkje-kontrollerande eigarinteresser	Note 29			415	93
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>723.824</b>	<b>693.662</b>	<b>724.519</b>	<b>693.698</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>6.267.159</b>	<b>5.860.355</b>	<b>6.267.823</b>	<b>5.860.553</b>

Voss, 12. mars 2024


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål

Styreleiar

  
Kathrine Løno Lahlum

Nestleiar



Olav Seim



Hege Solbakken



Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef



Oppstilling over endringer i egenkapitalen

Morbank	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital		Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjon	Fond for urealiserte vinster	Annen opptent egenkapital	
<i>Tal i tusen kroner</i>							
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.933</b>	<b>693.662</b>
Resultat etter skatt				4.516	-512	72.990	76.994
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					6.469		6.469
Verdiendring sal egenkapitalinstrument						413	413
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					59		59
Skatt på verdiendring utlån					-15		-15
<b>Totalresultat 31.12.2023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4.516</b>	<b>6.001</b>	<b>73.403</b>	<b>83.921</b>
Utbetalt utbytte						-23.139	-23.139
Utbetalte renter hybridkapital				-4.620			-4.620
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000			-26.000
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>50.210</b>	<b>39.402</b>	<b>576.197</b>	<b>723.824</b>

<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>	<b>621.464</b>
Resultat etter skatt				2.234	-512	52.578	54.300
Vinst sal egenkapitalinstrument						181	181
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					5.799		5.799
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					125		125
Skatt på verdiendring utlån					-31		-31
<b>Totalresultat 31.12.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.234</b>	<b>5.381</b>	<b>52.759</b>	<b>60.374</b>
Utbetalt renter hybridkapital				-2.029			-2.029
Utferding av ny fondsobligasjon				50.000			50.000
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000			-14.000
Utbetalt utbytte						-22.147	-22.147
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.933</b>	<b>693.662</b>

Konsern	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital			Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjon	Fond for urealiserte vinster	Annen opptent egenkapital	ikkje-kontrollerande eigarinteresser	
<i>Tal i tusen kroner</i>								
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.876</b>	<b>93</b>	<b>693.698</b>
Resultat etter skatt				4.516	-512	73.326	322	77.652
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					6.469			6.469
Verdiendring sal egenkapitalinstrument						413		413
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					59			59
Skatt på verdiendring utlån					-15			-15
<b>Totalresultat 31.12.2023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4.516</b>	<b>6.001</b>	<b>73.739</b>	<b>322</b>	<b>84.579</b>
Utbetalt utbytte						-23.139		-23.139
Utbetalte renter hybridkapital				-4.620				-4.620
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000				-26.000
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>50.210</b>	<b>39.402</b>	<b>576.476</b>	<b>415</b>	<b>724.519</b>

<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>		<b>621.464</b>
Resultat etter skatt				2.234	-512	52.524	-51	54.195
Vinst sal egenkapitalinstrument						181		181
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					5.799			5.799
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					125			125
Skatt på verdiendring utlån					-31			-31
<b>Totalresultat 31.12.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.234</b>	<b>5.381</b>	<b>52.705</b>	<b>-51</b>	<b>60.269</b>
Transaksjonar med eigarane							147	147
Stiftingskostnad dotterselskap						-3	-3	-6
Utbetalte renter hybridkapital				-2.029				-2.029
Utferding av ny fondsobligasjon				50.000				50.000
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000				-14.000
Utbetalt utbytte						-22.147		-22.147
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.876</b>	<b>93</b>	<b>693.698</b>

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING - DIREKTE METODE

Tal i tusen kroner	Notar	Morbank		Konsern	
		2023	2022	2023	2022
<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>					
Netto utbetaling av lån til kunder	Note 6,11	-260.782	-56.343	-260.782	-55.920
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	Note 18	285.013	172.942	284.969	172.942
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kunder	Note 32	316.198	104.604	315.207	104.604
Renteutbetalinger på innskot frå kunder	Note 18	-105.343	-37.382	-105.329	-37.382
Renteinnbet. på innskot til kredittinst./renteutb. på gjeld til kredittinst.	Note 18	11.005	1.843	11.005	1.843
Netto provisjonsinnbetalinger	Note 19,20	14.540	14.901	19.615	15.251
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir		0	568	0	568
Utbetalinger til drift	Note 21,22	-70.234	-61.316	-74.289	-61.884
Betalt skatt	Note 24	-16.893	-15.381	-16.893	-15.381
<b>A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		<b>173.505</b>	<b>124.435</b>	<b>173.503</b>	<b>124.640</b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>					
Netto investering i varige driftsmidler	Note 30	-1.304	-513	-1.302	-871
Netto investering i langsiktige verdipapir	Note 28	-10.098	-33.973	-10.098	-33.820
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	Note 20	3.360	4.571	3.360	4.571
<b>B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet</b>		<b>-8.042</b>	<b>-29.915</b>	<b>-8.040</b>	<b>-30.120</b>
<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>					
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	Note 33	275.000	350.000	275.000	350.000
Utbetaling ved innløsning av vedipapirgjeld	Note 33	-217.000	-418.000	-217.000	-418.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	Note 33,34	-48.986	-23.859	-48.986	-23.859
Utbetaling ved forfall lån frå kredittinstitusjoner		-24	0	-24	0
Renteutbetaling på ansvarlege lån	Note 18	-3.450	-2.073	-3.450	-2.073
Innbetaling ved utferding av fondsobligasjonskapital		0	50.000	0	50.000
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital	Note 35	-26.000	-14.000	-26.000	-14.000
Renter på fondsobligasjon	Note 18	-4.620	-2.029	-4.620	-2.029
Aksjeutbytte	Note 28	-23.139	-22.147	-23.139	-22.147
<b>C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet</b>		<b>-48.218</b>	<b>-82.108</b>	<b>-48.218</b>	<b>-82.108</b>
<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>		<b>117.245</b>	<b>12.412</b>	<b>117.245</b>	<b>12.412</b>
Likviditetsbeholdning 1.1		225.826	213.415	225.826	213.414
<b>Likviditetsbeholdning 31.12</b>		<b>343.070</b>	<b>225.826</b>	<b>343.070</b>	<b>225.826</b>
<b>Likvidetsbeholdning spesifisert:</b>					
Kontantar og kontantekvivalenter	Note 34	77.931	76.809	77.931	76.809
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjonar	Note 34	265.139	149.017	265.139	149.017
<b>Likviditetsbeholdning</b>		<b>343.070</b>	<b>225.826</b>	<b>343.070</b>	<b>225.826</b>

# NOTAR

1	Generell informasjon
2	Rekneskapsprinsipp
3	Bruk av estimat og skjønnsmessige vurderingar
4	Kapitaldekning morbank
5	Risikostyring
<b>Kredittrisiko</b>	
6	Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet
7	Fordeling av utlån
8	Kredittforringa engasjement
9	Forfalne og kredittforringa utlån
10	Eksposering på utlån
11	Nedskrivningar, tap, finansiell risiko
12	Store engasjement
13	Sensitivitet
<b>Likviditetsrisiko</b>	
14	Likviditetsrisiko
<b>Marknadsrisiko</b>	
15	Valutarisiko
16	Kursrisiko
17	Renterisiko
<b>Totalresultat</b>	
18	Netto renteinntekter
19	Segmentinformasjon
20	Andre inntekter
21	Løn og andre personalkostnader
22	Andre driftskostnader
23	Transaksjonar med nærstående partar
24	Skatt
<b>Balanse</b>	
25	Kategoriar av finansielle instrument
26	Verkeleg verdi på finansielle instrument
27	Aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultat
28	Aksjar og eigenkapitalbevis til verkeleg verdi over inntekter og kostnader
29	Konsernselskap
30	Varige driftsmidlar
31	Andre eignelutar
32	Innskot og andre innlån frå kundar
33	Gjeld stifta ved utferding av verdipapir og ansvarleg lånekapital
34	Anna gjeld, avstemming av netto gjeld og pensjon
35	Fondsobligasjonskapital
36	Eigenkapital
37	Resultat og utbytte pr. aksje
38	Garantiar
39	Hendingar etter balansedagen

## Note 1 Generell informasjon

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA (Vekselbanken) er eit norsk allmennaksjeselskap notert på Oslo Børs. Vekselbanken tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden i Noreg, med fokus på banken sin nærmarknad på Voss og ikringliggjande kommunar. Bankens hovudkontor har besøksadresse Vangsgata 24 på Voss. I 2023 etablerte banken eit rådgjevarkontor i Eidfjord kommune – Sentrumstunet. Banken er morselskap i konsern der banken sin 51 % eigarandel i Aktiv Voss AS inngår.

Rekneskapen for 2023 vart godkjend av styret i styremøte 12. mars 2024.

### Utlån med statsgaranti frå Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK)

Dette er ei låneordning som staten innførte for å hjelpe bedrifter som stod i ei akutt likviditetskrise som fylgje av direkte eller indirekte verknader av Covid-19. Ordninga er basert på at det er bankane som skal administrere den og syte for at vilkår i lov og forskrift er oppfylt. Statleg garanterte lån under ordninga inneber at staten garanterer for 90 % av banklån til bedrifter som kvalifiserer under ordninga. Vekselbanken fekk tildelt ei ramme på 148,3 mill. kr under ordninga, og hadde då ordninga vart lukka pr. 1. juli 2022 innvilga lån for 32,1 mill. kr fordelt på 16 lån.

## Note 2 Rekneskapsprinsipp

### Grunnlag for utarbeiding av rekneskapen

Banken og konsernet legg fram rekneskap i samsvar med IFRS (IFRS® Accounting Standards) som er godkjent av EU. Tilleggskrav til notar som følgjer av lov og forskrift for norske bankar er det teke omsyn til. Rekneskapen er basert på historisk kost prinsippet med unnatak av: bankbygget, finansielle eignelutar vurdert til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader og verkeleg verdi over resultatet.

Tal i notar er for konsern dersom ikkje anna er presisert i den enkelte note når tal for morbank og konsern er samanfallande eller uvesentlege ulike.

### Konsolidering

Konsernrekneskapen omfattar banken og dotterselskap der banken aleine eller saman med dotterselskap eig meir enn 50 % og/eller har bestemmande innflyting. Dotterselskap som er kjøpt eller seld i løpet av året, vert konsolidert resultatmessig for den del av året selskapet har vore ein del av konsernet.

Dotterselskap er i morbanken sin rekneskap regnskapsført til innkjøpskostnad. Dette medfører at bokført verdi av dotterselskap er kostpris på aksjane.

Dotterselskap sin bokførte verdi, kostpris og nedskrivningar er vist i eigen note (29). Konserninterne saldoar og eventuelle urealiserte vinstar og tap eller inntekter og kostnader knytt til konserninterne transaksjonar vert eliminert ved utarbeidinga av konsernrekneskapen. Konsernrekneskapen vert utarbeida etter overtakingssmetoden, og

det vert nytta like rekneskapsprinsipp for dei selskapa som inngår i konsernet. Alle identifiserbare eignelutar og forplikingar vert teke opp i balansen til verdien på oppkjøpstidspunktet. Dersom kostpris på aksjane overstig denne verdien, og det skuldast forventning om framtidig inntening, er den ført opp i balansen som goodwill.

### **Samandrag av vesentlege rekneskapsprinsipp**

Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er synt i heile tusen, med mindre anna er spesifikt oppgjeve.

### **Segmentinformasjon**

IFRS 8 definerer segment som verksemdsområde der det føreligg eigen finansiell rapportering, og der driftsresultatet vert gjennomgått av føretaket sin øvste beslutningstakar. Banken si verksemd vert driven frå banken sine lokale i Voss sentrum og rådgjevarkontor i Eidfjord. Fordeling av utlån vert rapportert i kategoriane personmarknad og bedriftsmarknad. Det ligg ikkje føre separat finansiell rapportering ut over denne fordelinga av utlån. Banken består dermed av to segment, og det vert difor ikkje gjeve informasjon på fleire segmentnivå.

### **Inntektsføring**

Renteinntekter vert inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette inneber løpande inntektsføring av renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr og eventuelt andre gebyr som er å sjå på som ein integrert del av den effektive renta. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte transaksjonskostnader som ikkje vert betalt direkte av kunden.

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode vert nytta for gjeldsinstrument som vert vurdert til amortisert kost og til verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader. Renter vert inntektsført av brutto balanseført verdi. For gjeldsinstrument nedskrive som følgje av objektive bevis for tap (steg 3) vert renter inntektsført basert på netto balanseført verdi.

Gebyr og provisjonar vert resultatført etter kvart som tenesta vert ytt. I andre driftsinntekter inngår blant anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester.

Resultatføringa skjer når tenestene vert levert. Utbytte frå investeringar vert resultatført når utbyttet vert motteke.

### **Finansielle instrument**

Ved fyrste gongs rekneskapsføring vert finansielle instrument klassifisert i ein av dei fylgjande kategoriar, avhengig av type instrument og føremålet med investeringa:

Finansielle eignelutar:

- Amortisert kost.
- Verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader.
- Verkeleg verdi med verdiendring over ordinært resultat.

Finansielle forpliktingar:

- Amortisert kost.
- Verkeleg verdi med verdiendingar over ordinært resultat.

Klassifisering og måling iht. IFRS 9 krev at alle finansielle eignelutar som er pengekrav, vert klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta. Klassifiseringa av finansielle eignelutar er avhengig av to faktorar:

- Føremålet med forretningsmodellen der den finansielle eigneluten inngår.
- Kjenneteikna til den finansielle eigneluten sine kontraktsregulerte kontantstraumar.

Dersom føremålet med forretningsmodellen berre er å motta kontraktsfesta kontantstraumar og kontantstraumane berre er betaling av renter og hovudstol, skal eigneluten målast til amortisert kost. Dersom føremålet både er å motta kontraktsfesta kontantstraumar, samt å oppnå vinstar frå endringar i verkeleg verdi skal eigneluten målast til verkeleg verdi med verdiending over andre inntekter og kostnader. Føremålet med forretningsmodellen er fylgjeleg avgjerande for om ein finansiell eignelut skal målast til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiending over andre inntekter og kostnader. Øvrige gjeldsinstrument skal målast til verkeleg verdi med verdiending over resultatet.

Finansielle eignelutar kan ved fyrste gongs innrekning ugjenkalleleg verta bestemt rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet dersom kriteria er oppfylt:

- Klassifiseringa eliminerer eller i vesentleg grad reduserer der det ikkje er samsvar i måling eller innrekning som elles ville ha oppstått ved måling av eignelutar eller rekneskapsføring av tilhøyrande vinstar eller tap på ulikt grunnlag.

Finansielle forpliktingar kan også ved fyrste gongs innrekning ugjenkalleleg verta bestemt rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet gjeve at kriteriet ovanfor eller ein av fylgjande er oppfylt:

- Dei finansielle instrumenta er ein del av ei portefølje som vert styrt og vurdert på bakgrunn av verkeleg verdi i samsvar med ei dokumentert risikohandterings- eller investeringsstrategi.
- Vertskontrakta inneheld eit eller fleire innebygde derivat.

### **Amortisert kost**

Finansielle eignelutar som vert målt til amortisert kost vert rekneskapsført ved fyrste gongs innrekning til verkeleg verdi med tillegg for direkte henvisbare transaksjonskostnader. Etterfylgjande verdimåling følgjer effektiv rentemetode, redusert med eventuelle nedskivingar. Nedskivingar og reversering av nedskivingar vert målt basert på ein modell der forventa kredittap vert fordelt på tre grupper. Modellen er skildra under «Nedskiving av finansielle eignelutar».

Endring i verdien av gjeldsinstrument balanseført til amortisert kost som følge av forventa kredittap på balansedagen vert presentert under rekneskapslinja «Nedskrivning på utlån, garantiar og renteberande verdipapir».

Renteinntekter frå finansielle instrument klassifisert i kategorien Amortisert kost vert presentert i resultatrekneskapen under «Renteinntekter frå eignelutar vurdert til amortisert kost.».

Kategorien amortisert kost omfattar utlån til kundar med flytande rente, kontantar og fordringar på sentralbankar og utlån og fordringar på kredittinstitusjonar.

### **Verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader**

Finansielle eignelutar som vert målt til verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader vert rekneskapsført ved fyrste gongs innrekning til verkeleg verdi med tillegg for direkte henvisbare transaksjonskostnader. Etterfølgjande måling følgjer i utgangspunktet effektiv rentes metode, redusert med eventuelle nedskrivningar. I motsetning til amortisert kost metoden, skal finansielle eignelutar som er klassifisert i målekategorien til verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader vurderast til verkeleg verdi i balansen med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. Nedskrivning for 12 månaders forventa tap er å sjå i denne samanheng som del av estimatet for verkeleg verdi av den finansielle eigneluten. Ved seinare frårekning av finansielle eignelutar i denne kategorien skal akkumulerte vinstar/tap ført over andre inntekter og kostnader resirkulerast over det ordinære resultatet.

Som for amortisert kost metoden, vert endring i verdien av gjeldsinstrument balanseført til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader som følge av forventa kredittap på balansedagen presentert under rekneskapslinja «Nedskrivning på utlån, garantiar og renteberande verdipapir».

Renteinntekter frå finansielle instrumenter klassifisert i kategorien Verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader vert presentert i resultatrekneskapen under «Renteinntekter frå eignelutar vurdert til amortisert kost.».

Kategorien verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader omfattar bustadlån som kvalifiserer for sal til bustadkredittføretak.

### **Verkeleg verdi med verdiendring over resultatet**

Eignelutar i denne kategorien vert rekneskapsført ved fyrste gongs innrekning til verkeleg verdi. Tilhøyrande transaksjonskostnader vert innrekna i resultatrekneskapen når dei oppstår. Etterfølgjande måling er til verkeleg verdi med vinstar og tap rekneskapsført i resultatrekneskapen.

Endringar i verkeleg verdi på finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet inngår i rekneskapslinja «Netto verdiendring og vinstar/tap på valuta og finansielle instrument».

Kategorien verkeleg verdi med verdiendring over resultatet omfattar banken si likviditetsportefølje.

### **Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi**

Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar er klassifisert til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. Alle verdiendringar frå instrumentet vert ført over andre inntekter og kostnader og skal ikkje resirkulerast over det ordinære resultatet ved etterfølgjande frårekning av eigneluten.

### **Finansielle forpliktingar balanseført til amortisert kost**

Finansielle forpliktingar balanseført til amortisert kost er ved fyrste gongs innrekning rekneskapsført til verkeleg verdi med frådrag for direkte transaksjonskostnader. Etterfølgjande verdimåling følgjer effektiv rentemetode, og tilhøyrande rentekostnader vert presentert i rekneskapslinja «Rentekostnader og liknande kostnader».

I kategorien finansielle forpliktingar til amortisert kost inngår innskot frå kundar og gjeld stifta ved utferding av verdipapir og ansvarleg lånekapital som ikkje er bestemt rekneskapsført til verkeleg verdi.

### **Finansielle instrument med eigenskapar som eigenkapital**

Utferda hybridkapitalinstrument er forpliktingar der banken har ein einseitig rett til ikkje å betale renter eller hovudstol til investorane. Som følgje av desse vilkåra tilfredsstillar ikkje instrumentet krava til forpliktingar og vert innrekna i banken sin eigenkapital under kategorien «Hybridkapital». Betalte renter vert presentert som reduksjon i opptent eigenkapital.

### **Nedskriving av finansielle eignelutar**

Etter IFRS 9 skal tapsavsetjingane innreknast basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eignelutar omfattar finansielle eignelutar som vert målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. I tillegg er også lånetilsagn, finansielle garantikontraktar som ikkje vert målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Ved fyrste gongs balanseføring skal det avsetjast for tap tilsvarande 12-månader forventa tap. 12-månader forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan knytast til omstende som inntreff dei fyrste 12 månadane.

Dersom kredittrisikoen for ein eignelut eller gruppe av eignelutar er vurdert å ha auka vesentleg sidan fyrste gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetjing tilsvarande heile den forventa levetida til eigneluten. Dersom det oppstår eit kredittap, skal renteinntekter innreknast basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetjing.

For utlån klassifisert i høvesvis steg 1 og 2 vert renta berekna basert på brutto balanseført verdi og avsetning for tap er normalt modellbasert.

Dersom det oppstår en kredittforringing, skal instrumentet flyttast til steg 3. Renteinntekter vert då innrekna basert på netto balanseført verdi og tapsavsetninga vert normalt sett på individuell basis.



## Nedskrivningar på utlån og garantiar

Banken har i samarbeid med Eika Gruppen utvikla ein modell for berekning av forventa kredittap der utlån til kundar, lånetilsagn, finansielle garantikontraktar og andre finansielle instrument innanfor verkeområdet til nedskrivingsreglane i IFRS 9, vert fordelt på tre grupper:

- Finansielle instrument som ved fyrste gongs innrekning ikkje er kredittforringa vert klassifisert i steg 1 med 12-måneders forventa kredittap (expected credit loss – ECL).
- Dersom kredittrisikoen aukar vesentleg etter fyrste gongs innrekning, vert det finansielle instrumentet overført til steg 2 og forventa kredittap berekna over heile levetida til instrumentet. Endringar i kredittrisikoen reflekterer både kundespesifikke omstende og utvikling i relevante makrofaktorar for det segmentet kunden tilhøyrer. Vurderinga av kva som utgjer vesentleg auke i risiko er basert på ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative indikatorar i tillegg til absolutte kriteriar.
- Dersom kredittrisikoen vert svekka ytterlegare, vert det gjort individuelle tapsvurderingar og det finansielle instrumentet overført til steg 3. Det vert då nytta skjønsmessige vurderingar av faktorar knytt til påverknad av betjeningsevne og potensiell storleik på tap.

Tapsavsetningane for steg 1 og steg 2 er berekna som noverdien av sannsyn for misleghald (probability of default – PD) multiplisert med tapsgrad (loss given default – LGD) og eksponering ved misleghald (exposure at default – EAD). Modellen skil mellom personkundar og bedriftskundar, og måler misleghaldssannsyn for dei neste 12-månader (PD). Ved berekning av misleghaldssannsyn over forventa levetid på engasjementet (PD-liv) vert det nytta ei migrasjonsbasert framskriving for å estimere forventa misleghald fram i tid, basert på utviklinga dei siste 12 månader. Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar. For finansielle instrument som er kredittforringa i steg 3 vert det gjort individuelle vurderingar av forventa tap (ECL). Ei nærare modellskildring kjem fram under avsnittet «Nedskrivning av finansielle eignelutar».

Banken sine tapvurderingar involverer forretningsområda, kredittansvarleg og administrasjonen.

Individuelle nedskrivningar (steg 3) vert berekna som skilnaden mellom balanseført verdi på engasjementet og noverdien av framtidige kontantstraumar basert på effektiv rente på tidspunkt for fyrste gongs berekning av individuelle nedskrivningar. Estimering av framtidige kontantstraumar er basert på erfaringsmateriale, tolking av tilgjengeleg informasjon samt utstrekt bruk av skjønn.

Ved estimering av nedskrivning på einskildkundar vert det vurdert både aktuell og forventa framtidig finansiell stilling. For engasjement i bedriftsmarknadssportefølja vert det også vurdert marknadssituasjonen for kunden, marknadstilhøva innanfor aktuell bransje og generelle marknadstilhøve av betydning for engasjementet. Det vert også vurdert om det er mogeleg med restrukturering, refinansiering og rekapitalisering. Samla vurdering av desse tilhøva vert lagt til grunn for berekning av framtidig kontantstrøm. Det vert også nytta ein scenario modell med sannsynsvekta utfall av verdi på sikkerheitane i tre ulike scenario – worst case, base case og best case. Nedskrivingsperioden vert estimert individuelt eller

basert på erfaringsdata om perioden fram til ei løysing på dei tilhøva som er årsak til at engasjementet er utsett for verdifall.

## Nedskrivingsmodell i banken

Gjennom samarbeid i Eika Alliansen har banken utvikla modell for berekning av sannsyn for misleghald (PD) og tap gjeve misleghald (LGD). Vidare er det utvikla løysing for eksponering ved misleghald (EAD), berekning av tap og modell for vurdering om eit engasjement har hatt vesentleg auke sidan fyrste gongs innrekning, som banken har vald å nytta. Forventa kreditttap (ECL) vert berekna som  $EAD \times PD \times LGD$ , neddiskontert med opphavleg effektiv rente.

## Definisjon av misleghald

Frå og med 1.1.2021 vart ny definisjon av misleghald innført. Denne er utforma i samsvar med European Authority sine retningslinjer for korleis bankar skal nytta misleghaldsdefinisjon i kapitalkravsforordninga (CRR), samt presiseringar i CRR/CRD IV forskrifta.

Det følgjer av ny definisjon at ein kunde vil verta klassifisert som i misleghald viss minst eitt av følgjande kriteria er oppfylt:

- Kunden har eit overtrekk som både overstig ei relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhengande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1 % av kunden sine samla eksponeringar.
  - For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1.000 kroner
  - For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2.000 kroner
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine kredittforpliktingar overfor banken (unlikely to pay – UTP).
- Kunden er smitta av ein annan kunde som er i misleghald etter dei to første kriteria nemnt over.

Definisjon av misleghald inneber innføring av karenperiode som tilseier at kundane vert kategorisert som misleghelde ein periode etter at misleghaldet er kome i orden. Karenperioden er tre månader etter friskmelding med unntak av engasjement med forbearance-markering der tilhøyrande karenperiode er tolv månader.

## Skildring av PD-modellen

PD-modellen i Eika estimerer sannsyn for misleghald ved å estimere statistiske samanhengar mellom misleghald og kunden si finansielle stilling, demografiske data og betalingsåtfærd. For deler av portefølja vert det nytta policykoder når kunden sin risiko ikkje kan bereknast på ordinær måte. Dette kan skuldast kundetype eller hending. Kundar med policykode vert overstyrt til ein risikoklasse med tilhøyrande førehandsdefinert PD.

Modellen skil mellom personkundar og bedriftskundar, og måler misleghaldssannsynet for dei neste 12 månader (PD). Totalmodellen består vidare av to undermodellar, herunder ein åtfærdsmoell og ein generisk moell, som vert vekta ulikt basert på tid som kunde og tid sidan siste kredittøk. Totalmodellen består utelukkande av den generiske modellen i dei tilfelle der kundetilhøvet og tid sidan siste kredittøk har vore kortare enn ein førehandsdefinert tidshorisont. Kun åtfærdsmoell vert nytta dersom kundetilhøvet og tid

sidan siste kredittsøk har vore lengre enn ein gitt tidshorisont. I alle andre tidshorisontar vil ein kombinasjon av modellane nyttast. Dette gjelder også for BM-kundar som ikkje er gjenpartspliktige.

Åtferdsmodellen angir PD 12 mnd. basert på observert åtferd frå kunden sin konto, transaksjonar og produktfordeling.

Generisk modell angir PD 12 mnd. basert på offentleg informasjon. Generisk modell er utvikla av Bisnode på alle norske føretak/hushaldningar med konkurs/alvorleg betalingsmerknad som utfallsvariabel.

For bedriftskundar består den generiske modellen av fire undermodellar, herunder enkeltpersonsforetak (ENK), føretak der eigar direkte heftar for gjeld (ANS/DA), øvrige føretak med innlevert rekneskap og øvrige føretak utan rekneskap.

For personkundar består den generiske modellen av fem undermodellar, der fire er delt opp etter kunden sin alder (18-26 år, 27-42 år, 43-65 år og 66+ år) og den siste består av personar, uansett alder, med minst ein aktiv betalingsmerknad.

Med utgangspunkt i PD 12 mnd., vert det berekna misleghaldssannsyn over engasjementet si forventta levetid (PD liv) med ei migrasjonsbasert framskriving, samt justeringar for forventningar til framtida (omtalt nedanfor). Modellane vert årleg validert og rekalkulert ved behov. Ved forringing av modellane sin kvalitet vert det utvikla nye modeller.

Fylgjande risikoklassar og sannsyn for misleghald ligg til grunn i PD-modellen:

Risikoklasse	Sannsyn for misleghald frå	Sannsyn for misleghald til
1	0,0000	0,0010
2	0,0010	0,0025
3	0,0025	0,0050
4	0,0050	0,0075
5	0,0075	0,0125
6	0,0125	0,0200
7	0,0200	0,0300
8	0,0300	0,0500
9	0,0500	0,0800
10	0,0800	1,0000

## Vesentleg auke i kredittrisiko

Vesentleg auke i kredittrisiko vert målt basert på utvikling i PD. Banken har definert vesentleg auke i kredittrisiko som ein auke i opphavleg PD ved fyrste gongs innrekning (PD-ini) for ulike nivå for at modellen skal fange opp relativ utvikling i kredittrisiko. For engasjement som hadde opphavleg PD mindre enn 1 % er vesentleg auke definert som:

$$PD > PD \text{ ini} + 0,5 \% \text{ og } PD \text{ liv} > PD \text{ liv ini} * 2$$

For engasjement som hadde opphavleg PD over eller lik 1 % er vesentleg auke definert som:

$$PD > PD \text{ ini} + 2 \% \text{ eller } PD \text{ liv} > PD \text{ liv ini} * 2$$

Av migreringsreglane følg det at banken nyttar eit lågrisikounntak på 0,5 %.

Det føreligg ingen spesifikke karenskriteria med tanke på migrering, fylgjeleg vil engasjementet verta tilbakeført til steg 1 dersom tilhøyrande PD endringar ikkje lenger oppfyller krava til vesentleg auke i kredittrisiko.

Det er i tillegg to absolutte kriteria som alltid definerer ein vesentleg auke i kredittrisiko.

- Eigneluten er ikkje kredittforringa, men det er gjeve betalingslette i samband med at kunden er i finansielle vanskelegheiter.
- Eigneluten har eit overtrekk på minimum 1.000 kroner i meir enn 30 samanhengande dagar.

## Berekning av LGD

Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar basert på ulike intervall av sikkerheitsdekning. Datagrunnlaget vert oppdatert med tapshistorikk for nye periodar. Modellane skil mellom person- og bedriftskundar:

### Personkundar

- Kundar med sikkerheit i fast eigedom.
- Kundar med sikkerheit i anna enn fast eigedom.
- Kundar utan registrert sikkerheit.

### Bedriftsmarknad

- Kundar med registrert sikkerheit.
- Kundar utan registrert sikkerheit.

Verdien av sikkerheit er basert på estimert realisasjonsverdi.

Banken konstaterer tap på og fråreknar avtalar når det er avklart at det ikkje er sikkerheitsmessig dekning og heller ikkje framtidige kontantstraumar som kan betene gjelda.

## EAD

EAD for avtalar i steg 1 består av uteståande fordring eller forplikting justert for kontantstraumar dei neste 12 månadane og for avtalar i steg 2 dei neddiskonterte kontantstraumane for den forventade levetida til avtalen. For garantiar er EAD lik den uteståande forplikting på rapporteringsdatoen multiplisert med ein konverteringsfaktor på 1 eller 0,5 avhengig av type garanti. Unyttta kredittar har EAD lik uteståande unyttta kreditt på rapporteringstidspunktet.

Forventa levetid på ein avtale vert rekna ut frå liknande avtalar si historiske gjennomsnittlege levetid. Avtalar som vert modifisert vert målt frå opphavleg innvilga tidspunkt sjølv om avtalen får nye vilkår.

## Forventa kredittap basert på forventningar til framtida

IFRS 9 krev at framoverskuande informasjon vert inkludert i vurdering av forventade kredittap.

Forventningane til framtida er teke omsyn til gjennom ein makroøkonomisk regresjonsmodell for høvesvis PM og BM som vurderer endring i sannsyn for misleghald (PD) i tre scenario – basis (normal makroøkonomisk situasjon), nedside (vesentleg økonomisk nedgangskonjunktur) og oppside (eit scenario i høgkonjunktur). I basis-scenarioet er det nytta makroprognosar frå SSB sin rapport «Konjunkturtendensene», og meir langsiktige prognosar frå IMF for å få ein lengre prognoseperiode enn kva som framgår av SSB-rapporten.

Tabellen syner makroprognosar for basis-scenariet:

Makroprognosar	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
BNP Fastlands-Noreg	0,7	0,9	1,7	2,4	2,2	2,0	1,8
Pengemarknadsrente (nivå)	4,2	4,7	3,9	3,3	3,3	3,1	2,9
Arbeidsløyserate (nivå)	3,6	3,9	4,1	4,2	4,0	4,0	4,0

Opp- og nedside-scenariet er utleia gjennom eit gitt tal standardavvik positivt eller negativt utslag i makrovariablane samanlikna med basisprognosen frå SSB. Ved vurdering av tal standardavvik utslag er det sett hen til Norges Bank og Finanstilsynet sine stresstestar.

Scenarioa er gjeve fylgjande sannsynsvekting; basis 70 %, nedside 20 % og oppside 10 %. I alle tre scenarioa reknar ein med at økonomien vender tilbake til eit felles snitt mot slutten av ein femårs prognoseperiode.

Tabellen syner makromodellen sine forventa misleghaldsnivå i høve til dagens misleghaldsnivå PM. Ein faktor på 1,6 tyder at kunden sin PD er venta å vera 60 % høgare enn dagens PD. Tilsvarende tyder ein faktor på 0,3 at PD er venta å vera 30 % av dagens PD.

År	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
Basis	1,2	1,2	1,1	1,0	1,0	0,9
Nedside	2,1	2,0	1,8	1,3	1,1	0,9
Oppside	0,7	0,7	0,6	0,8	0,8	0,9
<b>Vekta</b>	<b>1,3</b>	<b>1,3</b>	<b>1,2</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	<b>0,9</b>

Tabellen syner makromodellen sine forventa misleghaldsnivå i høve til dagens misleghaldsnivå BM.

År	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
Basis	1,1	1,0	0,8	0,8	0,8	0,9
Nedside	2,3	2,0	1,7	1,1	1,0	0,9
Oppside	0,6	0,5	0,4	0,5	0,7	0,9
<b>Vekta</b>	<b>1,3</b>	<b>1,2</b>	<b>0,9</b>	<b>0,8</b>	<b>0,8</b>	<b>0,9</b>

## **Innrekning og frårekning**

Finansielle eignelutar og skyldnader vert innrekna når banken vert part i instrumentet sine kontraktsmessige vilkår. Fyrste gongs innrekning er til verkeleg verdi, i tillegg til, for instrument som ikkje er derivat eller vert målt til verkeleg verdi over resultatet, transaksjonskostnader som er direkte knytt til anskaffinga eller utskrivinga av den finansielle eigneluten eller den finansielle skyldnaden.

Finansielle eignelutar vert frårekna når dei kontraktsmessige rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eignelutane går ut, eller når føretaket overfører den finansielle eigneluten i ein transaksjon der all eller tilnærma all risiko og innteningsevne knytt til eigarskap av eigneluten vert overført. Ved tilbakekjøp av egne obligasjonar vert dei tilbakekjøpte obligasjonane frårekna med resultatføring av skilnaden mellom vederlaget og bokført beløp av tilbakekjøpt obligasjon.

## **Sikringsbokføring**

Vekselbanken nyttar ikkje sikringsbokføring. I staden er alle sikringsforretningar og sikra postar klassifisert som finansielle instrument til verkeleg verdi over resultat.

## **Måling til verkeleg verdi**

Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive marknader vert fastsett ved slutten av rapporteringsperioden med omsyn til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlarar av finansielle instrument, utan frådrag for transaksjonskostnader. Marknaden er aktiv der det er mogeleg å skaffa fram eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og desse prisane representerer faktiske og hyppige transaksjonar i marknaden.

For finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv marknad, vert den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsetjingsmetode. Slike verdsetjingsmetodar omfattar bruk av nyleg føretekte transaksjonar i marknaden på "ein armlengds avstand" mellom velinformerte og friviljuge partar, om slike er tilgjengelege, ved å visa til løpande verkeleg verdi av eit anna instrument som er praktisk talt det same, berekning av diskontert kontantstraum eller andre verdsetjingsmodellar.

Ein analyse av verkeleg verdi av finansielle instrument og ytterlegare detaljar om måling av desse vert vist i eigen note i samband med årsrekneskapen.

## **Måling av finansielle garantiar**

Diskonterte finansielle garantiar vert vurdert til verkeleg verdi, som ved fyrste gongs rekneskapsføring vert rekna som motteke vederlag for garantien. Ved etterfylgjande måling vert finansielle garantiar verdsett til det høgste beløp av mottatt vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og beste estimat for vederlag ved eventuell innfriing av garantien.

## **Overtaking av eignelutar**

Eignelutar som kjem i banken si eiga i samband med oppfylgging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, vert verdsett til verkeleg verdi når eigneluten vert teke over. Slike eignelutar vert klassifisert i balansen etter sin art. Etterfylgjande verdivurdering og klassifisering av resultateffekt fylgjer prinsippa for den aktuelle balanseposten.

## Motrekning

Finansielle eignelutar og finansielle forpliktingar vert motrekna og presentert berre når banken har ein juridisk handhevbar rett til å motrekne og når banken har til hensikt å gjere opp på nettogrunnlag.

Inntekter og kostnader vert ikkje motrekna med mindre det vert kravd eller tillate i samsvar med IFRS.

## Valuta

Transaksjonar i utanlandsk valuta vert rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta vert rekna om til norske kroner ved å nytta kurs på balansedagen. Ikkje-pengepostar som vert målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, vert rekna om til norske kroner ved å nytta valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som vert målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, vert rekna om til valutakursen fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar vert løpande resultatført i rekneskapsperioden.

## Varige driftsmiddel

I samsvar med IFRS er det gjort ei vurdering av om eigedommane i banken er driftsmiddel til eige bruk eller investeringseigedommar. Alle eigedommane er vurdert å være driftsmiddel til eige bruk og vert rekneskapsført i samsvar med IAS 16. Verdien på eigedommane vert sett til historisk kost med avskrivning over forventta levetid. Det er krav om at ulike element med ulik levetid vert skilt ut og avskrive separat. Dekomponering av historiske kostprisar er i praksis ikkje mogeleg for bygningar eigd over lang tid. Me nyttar difor høvet i regelverket som gjev lov til at verkeleg verdi vert sett som ny kostpris ved implementering av IAS 16. Ved ein eventuell vesentleg verdireduksjon i marknadsverdiar vert det sett krav til at driftsmidlar skal skrivast ned, der nedskrivninga skal resultatførast. Varige driftsmiddel er i rekneskapsperioden ført til anskaffingskost eller "ny kostpris" etter frådrag for ordinære akkumulerte avskrivningar. Ordinære avskrivningar er basert på kostpris, og avskrivningane er fordelt lineært over driftsmidla si økonomiske levetid.

## Immaterielle eignelutar

Utvikling av programvare vert balanseført og klassifisert som immaterielle eignelutar dersom verdien vert vurdert som vesentleg, og det er forventta at den har varig verdi. Ved utvikling av programvare vert bruk av eigne ressursar, forprosjektering, implementering og opplæring utgiftsført. Balanseført eigenutvikla programvare vert avskrive over anslått levetid. Det vert løpande vurdert om det er behov for nedskrivning som fylgje av at verdien av forventta økonomisk fordel er lågare enn balanseført verdi.

## Skatt

Skattekostnad er sett saman av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er rekna på alle skilnader mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi på eignelutar og gjeld med unntak av mellombels skilnad knytt til aksjar som fell inn under fritaksmetoden.

Utsett skattefordel er rekneskapsført når det er sannsynleg at banken vil ha tilstrekkelege skattemessige overskot i seinare periodar til å gjera seg nytte av skattefordelen. Banken fører tidlegare ikkje rekneskapsført utsett skattefordel i den grad det har vorte sannsynleg at banken kan nytta seg av den utsette skattefordelen. Like eins vil banken redusera utsett skattefordel i den grad ein ikkje lenger ser det som sannsynleg at ein kan nyttiggjera seg av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt basert på forventa framtidig skattesats.

Utsett skatt og utsett skattefordel vert ført til nominell verdi og er klassifisert som finansielt anleggsmiddel (langiktig skyldnad) i balansen.

Betalbar skatt og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer seg til eigenkapitaltransaksjonar.

### **Pensjonsskyldnader**

Banken har ei ordinær innskotsbasert pensjonsordning som oppfyller krava etter lov om obligatorisk tenestepensjon. I tillegg har banken AFP ordning. For innskotsordninga betaler banken innskot til privat administrerte livs- og pensjonsforsikringsselskap. Banken har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at innskota er betalt. Innskota vert kostnadsført fortløpande, og vert rekneskapsført som lønskostnad. AFP ordninga vert handsama rekneskapsmessig som innskotsordninga.

### **Fondsobligasjon**

Fondsobligasjonar som er evigvarande, og der banken har ein einssidig rett til ikkje å betale renter til investorane under gitte vilkår, tilfredsstillar ikkje definisjonen til finansielle forpliktingar i samsvar med IAS 32. Slike obligasjonar vert klassifisert som eigenkapital i balansen (hybridkapital), og renta vert behandla på same vis som utbytte og vert presentert som reduksjon i eigenkapital.

### **Skyldnader/avsetjingar**

Avsetjing til restrukturering vert føreteke i samsvar med IAS 37. Krav til avsetjing er at det eksisterer ein skyldnad som kjem frå tidlegare hendingar, og at det er mest sannsynleg at skyldnaden vil koma til oppgjer. Avsetjingar vert rekna som noverdien av forventa utbetalingar for å innfri skyldnaden. Foreslått utbytte er ikkje formelt beslutta på balansedagen, og tilfredsstillar ikkje kriteria for ein skyldnad i samsvar til IAS 37.

### **Utbytte**

Foreslått utbytte vert bokført som ein del av eigenkapitalen fram til endeleg vedtak i banken si generalforsamling.

### **Betinga skyldnader og eignelutar**

Betinga skyldnader er ikkje ført i årsrekneskapan. Det er opplyst om vesentlege betinga skyldnader med unnatak av betinga skyldnader der desse er rekna som låge.

Ein betinga eignelut vert ikkje ført i årsrekneskapan, men vert opplyst om dersom det er sannsynleg at fordelene vil tilflyta banken.



## **Hendingar etter balansedagen**

Ny informasjon etter balansedagen om selskapet si finansielle stilling på balansedagen er teke omsyn til i årsrekneskapen. Det vert opplyst om vesentlege hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverka selskapet si finansielle stilling i framtida.

## **Kontantstraumoppstilling**

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter direkte metode, og med utgangspunkt i brutto kontantstraumar frå operasjonelle-, investerings- og finansieringsaktivitetar.

Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som løpande renter knytt til utlåns- og innskotsverksemd mot kundar, samt utbetalingar generert frå kostnader knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar, samt investeringar i driftsmidlar og eigedommar.

Kontantstraumar frå utlåns- og innskotsverksemda, opptak og nedbetaling av ansvarlege lån, obligasjonsgjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktivitetar. Likvidar omfattar kontantar, fordringar på Noregs Bank og fordringar på kredittinstitusjonar.

## **Standardar, endringar og fortolkingar til eksisterande standardar som ikkje er trådd i kraft og der føretaket ikkje har vald tidleg bruk**

Det er ingen nye IFRS-standardar eller IFRIC-fortolkingar som ikkje er trådd i kraft som er forventa å ha ein vesentleg påverknad på banken sitt rekneskap.

# **Note 3: Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar**

Estimat og skjønsmessige vurderingar vert løpande vurdert og er basert på historisk erfaring og andre faktorar. For rekneskapsføremål nyttar banken estimat og skjønn om framtida. Rekneskapsestimata kan avvika frå dei oppnådde resultata, men dei er basert på beste estimat på det tidspunktet rekneskapen vert avslutta. Nedanfor er estimat og skjønn som i monaleg grad kan påverke balanseført verdi av eignelutar eller skyldnader handsama.

## **Nedskrivningar på utlån og garantiar**

Banken gjennomgår utvalde terskelverdiar av bedriftsmarknadsportefølja årleg. Store og spesielt risikoutsette, samt misleghalde og tapsutsette engasjement vert gjennomgått kvartalsvis. Lån til privatpersonar vert gjennomgått når dei er i misleghald og seinast etter 30 dagar, eller dersom dei har ein dårleg betalingshistorikk.

Banken føretekk individuell vurdering av nedskrivingsbehovet dersom det føreligg kredittforringing på engasjementa, og kredittforringinga medfører redusert framtidig kontantstraum til betening av engasjementet. Eksempel på kredittforringing er misleghald, konkurs, likviditetsproblem eller andre vesentlege finansielle problem.

## Berekraftsvurdering og kredittrisiko

Banken har implementert ein modell for berekraftsvurdering av alle bedriftsengasjement. Modellen inneheld 13 spørsmål som hjelper banken i å avdekke berekraftsrisikoen i kundetilhøvet. Modellen vert nytta ved nye kredittførespurnader, og ved gjennomgang av eksisterande engasjement. Modellen hjelper banken i vurdering av kredittrisiko knytt til berekraft.

## Høg inflasjon, renteauke og auka usikkerheit grunna krigen i Ukraina

Banken har hatt og har ekstra søkjeljos på utviklinga i kredittrisiko på grunn av etterverknader av covid-19-pandemien, høg inflasjon, renteauke og den vedvarande krigen i Ukraina. Kundane har klart seg betre enn venta gjennom usikkerheita som har vore dei siste åra. Banken er likevel klar over at dei meir langsiktige konsekvensane som fylgje av økonomiske utfordringar byggjer seg opp over tid, og at dei økonomiske reservane hjå utsette og råka kundar kan ta slutt dersom aktiviteten og marknadstilhøva vert varig forringa.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kredittporteføljen, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjane er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike segmenta og bransjane. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane. Samla er det berekna 5,6 mill. kroner i bransjevise tilleggsnedskrivningar i tillegg til dei modellberekna nedskrivningane.

Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 2,4 mill. kroner samanlikna med utgangen av fjoråret. Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 0,8 mill. kroner samanlikna med utgangen av fjoråret. Sjå note 13 for sensitivitetsberekningar.

## Verkeleg verdi i ikkje aktiv marknad

For å setja verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i ein aktiv marknad nyttar banken verdsetjingsteknikkar. Verdsetjingsteknikkar (til dømes modellar) som vert nytta for å fastsetja verkeleg verdi, vert periodisk vurdert opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogeleg vert data frå marknaden nytta, men på område som kredittrisiko, volatilitet og korrelasjonar må estimat nyttast. Endringar i føresetnader for desse faktorane kan påverka den verkelege verdien på finansielle instrument. Sjå note 26 for sensitivitetsberekningar.

## NOTE 4 - Kapitaldekning - Morbank

	Morbank		Konsolidert kapitaldekning inkl. andel samarb.gruppe	
Tal i tusen kroner	2023	2022	2023	2022
Opptent egenkapital	576.408	525.933	529.693	489.899
Overkursfond	46.995	46.995	79.723	72.479
Innbetalt aksjekapital	11.019	11.019	19.177	16.918
Fond for urealiserte vinster	39.402	33.401	39.493	33.965
<b>Sum egenkapital</b>	<b>673.824</b>	<b>617.348</b>	<b>668.085</b>	<b>613.261</b>
Avsett utbytte	-31.072	-23.315	-31.072	-23.315
Frådrag for forsvarleg verdsettjing	-4.507	-4.290	-4.609	-4.387
Frådrag i rein kjernekapital	-54.502	-42.372	-14.672	-13.309
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>583.742</b>	<b>547.371</b>	<b>617.732</b>	<b>572.250</b>
Fondsobligasjonar	50.000	50.000	53.860	53.465
Frådrag i kjernekapital				
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>633.742</b>	<b>597.371</b>	<b>671.592</b>	<b>625.715</b>
Ansvarleg lånekapital	60.000	60.000	65.200	64.102
Frådrag i tilleggskapitalkapital				
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>693.742</b>	<b>657.371</b>	<b>736.792</b>	<b>689.818</b>
<b>Eksponeringskategori (vekta verdi)</b>				
Statar	0	0	0	0
Lokal regional myndigheit	0	0	7.094	7.711
Offentleg eigde føretak	0	0	0	0
Institusjonar	170	91	6.676	7.594
Føretak	121.231	212.500	124.236	216.997
Massemarknad	0	0	15.610	14.396
Pantsikkerheit eigedom	2.331.840	2.055.152	2.521.337	2.187.213
Forfalne engasjement	44.757	37.424	45.686	38.006
Høgrisiko engasjement	60.686	0	60.686	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0	4.946	3.641
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	53.028	29.803	53.028	29.803
Andelar verdipapirfond	59.454	45.222	59.991	45.771
Eigenkapitalposisjonar	64.467	59.617	60.724	56.280
Øvrige engasjement	69.215	119.613	72.596	121.696
CVA-tillegg	0	0	7.077	5.867
<b>Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>2.804.847</b>	<b>2.559.422</b>	<b>3.039.685</b>	<b>2.734.976</b>
<b>Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko</b>	<b>253.409</b>	<b>213.566</b>	<b>260.039</b>	<b>219.386</b>
<b>Kapitalkrav med utgangspunkt i faste kostnader</b>			<b>1.414</b>	<b>1.655</b>
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>3.058.256</b>	<b>2.772.988</b>	<b>3.301.138</b>	<b>2.956.017</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>22,68 %</b>	<b>23,71 %</b>	<b>22,32 %</b>	<b>23,34 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>20,72 %</b>	<b>21,54 %</b>	<b>20,34 %</b>	<b>21,17 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>19,09 %</b>	<b>19,74 %</b>	<b>18,71 %</b>	<b>19,36 %</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>9,97 %</b>	<b>10,10 %</b>	<b>9,50 %</b>	<b>9,62 %</b>

### Konsolidering av samarbeidande grupper

Banken rapporterer kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,64 % i Eika Gruppen AS og på 0,56 % i Eika Boligkreditt AS.

## NOTE 5 - Risikostyring

### Risikostyring

Banken sine forretningsaktiviteter fører til at verksemda er eksponert for ei rekke finansielle risikoar. Banken si målsetting er å oppnå ein balanse mellom avkastning og risiko, og å minimalisera potensielle negative verknader på banken sitt finansielle resultat.

Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisera og analysera desse risikoane, samt å etablera passende risikorammer og -kontrollar, og å overvaka at reglane vert haldne gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjonssystem. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikra at endringar i produkt og marknad vert reflektert i risikorammene.

Ansvar for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiinga. Styret vedtek banken sine mål og rammestruktur innanfor alle risiko-område, herunder retningslinjer for styring av risiko.

Banksjef har ansvaret for den samla risikostyringa i banken. Alle vedtak knytt til risiko og risikostyring vert normalt fatta av banksjef i samråd med øvrige medlemmer i banken si leiing. Økonomsjef har ansvar for utvikling av modellar og rammeverk for styring og kontroll i banken.

Alle leiarar i banken har ansvar for å styra risiko og sikra god internkontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtekte risikoprofil.

### Kredittrisiko

Banken tek kredittrisiko, som er risikoen for at motparten vil påføra banken eit tap ved ikkje å gjere opp banken sitt tilgodehavande. Kreditteksponering er primært knytt til utestående lån og gjeldspapir. Det er også kredittrisiko knytt til "off-balance" finansielle instrument som lånetilsagn, garantiar og unytta kredittar.

Sjå note 6-13 for vurdering av kredittrisiko.

### Likviditetsrisiko

Risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri sine plikter ved forfall, samt risikoen for at banken ikkje klarer å møta sine likviditetsplikter utan at kostnaden vert dramatisk auka. I eit breiare perspektiv inneheld likviditetsrisiko også risiko for at banken ikkje er i stand til å finansiera auke i eignelutar etter kvart som trongen for refinansiering aukar.

Sjå note 14 for vurdering av likviditetsrisiko.

### Marknadsrisiko

Banken er eksponert for marknadsrisiko, som er risikoen for at verkeleg verdi av framtidige kontantstrømar knytt til finansielle instrument vil verta endra p.g.a. endringar i marknadsprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar i volatiliteten i prisar som rentesatsar, kredittspreadar, valutakursar og aksjeprisar.

Sjå note 25 - 28 for vurdering av marknadsrisiko.

**Operasjonell risiko** Risikoen for tap som skuldast dårlege eller feil i prosessar og system, feil som tilsette gjer, eller eksterne hendingar.

**Forretningsrisiko** Risiko for tap på grunn av endringar i eksteme forhold som marknadsituasjon eller reguleringar frå styresmaktene. Risikoen inkluderer òg omdømmerisiko.

### ESG risiko

Risiko relatert til miljø, samfunnsansvar og selskapsstyring inngår i ESG risiko. Deriblant også klimarisiko. Klimarisiko omf attar risiko for auka kredittrisiko og finansielle tap for banken som fylgje av klimaendringar. Banken foretek årleg gjennomgang av risiko i banken der ESG og klima risiko inngår.

Det er fyrst og fremst relatert til utlån til bedriftsmarknaden at det er identifisert at banken er utsett for klimarisiko. Dette er både relatert til fysisk risiko, men også overgangsrisiko frå dagens situasjon til eit lågutsleppssamfunn. Difor er vurdering av berekraft og klimarisiko integrert i banken sin kredittprosess. Sidan banken ikkje er eksponert mot blant anna olje- og gassnæringa vert næringseigedom, bygg og anlegg samt landbruk sett å vera dei sektorane som har høgast ibuande klimarisiko i banken si portefølje. Samtidig er det store moglegheiter for positiv påverknad i desse bransjane.

### Compliance (etterleving)

Compliancerisiko er risikoen for at banken pådreg seg offentlege sanksjonar/bøter eller økonomiske tap som fylgje av manglande etterleving av lover og forskrifter. Banken vektlegg gode prosessar for å sikre etterleving av gjeldande lover og forskrifter. Styret vedtek banken sin compliance-policy som skildrar hovudprinsippa for ansvar og organisering. Det vert arbeida kontinuerleg med å vurdere beste tilpassing til nye reguleringar og nytt regelverk for både å ivareta etterleving og effektivitet i organisasjonen. Nye reguleringar og nytt regelverk som påvirkar drifta skal fortløpande inkluderast i rutinar og retningslinjer.

Aktiviteten på compliance-området har vore stor i seinare år, særleg knytt opp mot krava innan kvitvasking og GDPR. Banken har implementert spesifikke rutinar og retningslinjer for å sikre etterleving, og jobbar aktivt for å oppretthalde og vidareutvikle dei tilsette sin kompetanse på området.

## NOTE 6 - Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet

2023

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet	Totale utlån			Sum utlån
	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
<b>Pr. klasse finansielt instrument:</b>				
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	3.862.170	18.449	0	3.880.618
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	812.899	249.883	0	1.062.782
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	79.004	267.543	0	346.547
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	53.751	53.751
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>4.754.073</b>	<b>535.874</b>	<b>53.751</b>	<b>5.343.698</b>
Nedskrivningar	-3.498	-7.659	-14.057	-25.215
<b>Sum utlån til balanseført verdi</b>	<b>4.750.575</b>	<b>528.215</b>	<b>39.694</b>	<b>5.318.484</b>

\*Utlån til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet		Personmarknaden		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	3.482.363	18.449	0	3.500.811
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	351.167	208.929	0	560.096
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	35.258	128.312	0	163.569
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	27.918	27.918
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>3.868.788</b>	<b>355.689</b>	<b>27.918</b>	<b>4.252.395</b>
Nedskrivningar	-603	-1.810	-3.156	-5.569
<b>Sum utlån til bokført verdi</b>	<b>3.868.185</b>	<b>353.879</b>	<b>24.761</b>	<b>4.246.825</b>

\*Utlån til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet		Bedriftsmarknaden		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	379.807	0	0	379.807
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	461.732	40.954	0	502.686
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	43.746	139.231	0	182.977
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	25.834	25.834
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>885.285</b>	<b>180.185</b>	<b>25.834</b>	<b>1.091.304</b>
Nedskrivningar	-2.895	-5.849	-10.901	-19.645
<b>Sum utlån til bokført verdi</b>	<b>882.391</b>	<b>174.336</b>	<b>14.933</b>	<b>1.071.659</b>

\*Utlån til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader

Unyttede kredittar og garantiar fordelt på nivå for kredittkvalitet		Unyttede kredittar og garantiar		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum eksponering
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	221.147	800	0	221.947
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	51.377	8.166	0	59.543
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	4.352	9.681	0	14.033
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	887	887
<b>Sum ubenyttede kredittar og garantiar</b>	<b>276.873</b>	<b>18.647</b>	<b>887</b>	<b>296.407</b>
Nedskrivningar	-163	-161	0	-324
<b>Netto unyttede kredittar og garantiar</b>	<b>276.710</b>	<b>18.487</b>	<b>887</b>	<b>296.083</b>

\*Unyttede kredittar og garantiar til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader

## 2022

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet		Totale utlån		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	3.966.316	51.022	0	4.017.338
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	651.622	138.112	0	789.734
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	54.751	172.903	0	227.654
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	55.541	55.541
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>4.672.688</b>	<b>362.037</b>	<b>55.541</b>	<b>5.090.267</b>
Nedskrivningar	-2.861	-5.130	-19.927	-27.917
<b>Sum utlån til balanseført verdi</b>	<b>4.669.828</b>	<b>356.908</b>	<b>35.614</b>	<b>5.062.350</b>

\*Utlån til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet		Personmarknaden		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	3.579.503	14.335	0	3.593.838
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	231.524	78.011	0	309.536
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	22.887	112.913	0	135.801
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	29.187	29.187
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>3.833.915</b>	<b>205.260</b>	<b>29.187</b>	<b>4.068.362</b>
Nedskrivninger	-111	-1.538	-9.400	-11.049
<b>Sum utlån til bokført verdi</b>	<b>3.833.804</b>	<b>203.722</b>	<b>19.787</b>	<b>4.057.313</b>

\*Utlån til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet		Bedriftsmarknaden		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	386.812	36.687	0	423.500
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	420.097	60.101	0	480.198
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	31.864	59.990	0	91.854
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	26.353	26.353
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>838.774</b>	<b>156.778</b>	<b>26.353</b>	<b>1.021.905</b>
Nedskrivningar	-2.750	-3.591	-10.526	-16.867
<b>Sum utlån til bokført verdi</b>	<b>836.024</b>	<b>153.186</b>	<b>15.827</b>	<b>1.005.037</b>

\*Utlån til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader

Unyttå kredittar og garantiar fordelt på nivå for kredittkvalitet		Unyttå kredittar og garantiar		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum eksponering
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	211.922	487	0	212.409
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	31.629	18.618	0	50.247
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	29.258	5.433	0	34.691
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	8	8
<b>Sum unyttå kredittar og garantiar</b>	<b>272.809</b>	<b>24.537</b>	<b>8</b>	<b>297.355</b>
Nedskrivningar	-261	-197	-5	-463
<b>Netto unyttå kredittar og garantiar</b>	<b>272.549</b>	<b>24.340</b>	<b>3</b>	<b>296.892</b>

\*Unyttå kredittar og garantiar til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader

## NOTE 7 - Fordeling av utlån

Utlån fordelt på fordringstypar	2023	2022
Kasse-, drifts- og brukskredittar	306.178	263.192
Byggelån	52.778	74.208
Nedbetalingslån	4.984.742	4.752.867
<b>Brutto utlån og fordringar på kundar</b>	<b>5.343.698</b>	<b>5.090.267</b>
Nedskrivning steg 1	-3.498	-2.861
Nedskrivning steg 2	-7.659	-5.130
Nedskrivning steg 3	-14.057	-19.927
<b>Netto utlån og fordringar på kundar</b>	<b>5.318.484</b>	<b>5.062.350</b>
Utlån formidla til Eika Boligkreditt AS	602.716	542.188
<b>Utlån inkl. Eika Boligkreditt AS</b>	<b>5.921.200</b>	<b>5.604.538</b>

Brutto utlån fordelt på geografi	2023	2022
Voss og omland	3.678.840	3.466.766
Resten av landet	1.664.859	1.623.501
<b>Sum</b>	<b>5.343.698</b>	<b>5.090.267</b>

## NOTE 8 - Kredittforringa engasjement

2023

Fordelt etter sektor/næring	Brutto kredittforringa engasjement	Nedskrivning steg 3	Netto nedskrivne engasjement
Personmarknaden	27.934	-3.156	24.778
<b>Næringssektor fordelt:</b>			
Primærnæringer	26.682	-10.899	15.783
Industri og bergverk	0	0	0
Kraftforsyning	0	0	0
Bygg, anlegg	0	0	0
Varehandel	0	0	0
Transport og lagring	0	0	0
Overnattings- og serveringsvirksomhet	0	0	0
Informasjon og kommunikasjon	0	0	0
Omsetning og drift av fast eiendom	0	0	0
Tjenesteytende virksomhet	23	-2	22
<b>Sum</b>	<b>54.639</b>	<b>-14.057</b>	<b>40.583</b>

Banken hadde per 31.12.2023 13,6 mill. engasjement i steg 3 der det ikkje er føretatt nedskrivning grunna verdien på trygda, tilsvarende tal for 2022 var 15,1 mill. Trygd der det ikkje er føreteke nedskrivning i steg 3 består hovudsakleg av pant i bustad- og næringseigedom.

Banken har per 31.12.2023 14 mill. i tapskonstaterte engasjement som framleis blir inndrive. Inntekter fra denne aktiviteten vil bli ført som reduksjon av nedskrivningar. Tilsvarende tal for 2022 var 22 mill.

2022

Fordelt etter sektor/næring	Brutto kredittforringa engasjement	Nedskrivning steg 3	Netto nedskrivne engasjement
Personmarknaden	29.243	-9.406	19.838
<b>Næringssektor fordelt:</b>			
Jordbruk, skogbruk og fiske	24.994	-10.500	14.494
Industri	1.453	0	1.453
Bygg, anlegg	63	-5	58
Varehandel	0	0	0
Transport og lagring	0	0	0
Eigedomsdrift og tenesteyting	0	0	0
Anna Næring	264	-21	243
<b>Sum</b>	<b>56.018</b>	<b>-19.932</b>	<b>36.086</b>

Kredittforringa engasjement	2023	2022
Brutto engasjement med over 90 dagars overtrett - personmarknad	1.173	18.485
Brutto engasjement med over 90 dagars overtrett - bedriftsmarknad	0	1.780
Nedskrivning steg 3	-520	-8.625
<b>Netto engasjement med over 90 dagars overtrett</b>	<b>653</b>	<b>11.640</b>
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknad	26.761	10.759
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknad	26.705	24.994
Nedskrivning steg 3	-13.537	-11.307
<b>Netto andre kredittforringa engasjement</b>	<b>39.929</b>	<b>24.446</b>
<b>Netto kredittforringa engasjement</b>	<b>40.583</b>	<b>36.086</b>

### Kredittforringa engasjement fordelt etter trygd

Tal i tusen kroner	2023		2022	
	Beløp	%	Beløp	%
Engasjement med trygd i bustad	26.737	48,9 %	26.517	47,3 %
Engasjement med trygd jordbruk og næringseigedom	26.956	49,3 %	28.213	50,4 %
Engasjement til offentleg sektor	0	0,0 %	0	0,0 %
Engasjement utan trygd	946	1,7 %	1.287	2,3 %
Ansvarleg lånekapital	0	0,0 %	0	0,0 %
<b>Sum kredittforringa engasjement</b>	<b>54.639</b>	<b>100 %</b>	<b>56.018</b>	<b>100 %</b>

## NOTE 9 - Forfalne og kredittforringa utlån

	Ikke forfalne utlån	Under 1 mnd.	Over 1 t.o.m. 3 mnd.	Over 3 t.o.m. 6 mnd.	Over 6 t.o.m. 12 mnd.	Over 1 år	Sum forfalne utlån	Kredittforringa utlån	Trygd for forfalne utlån > 90 dg.	Trygd for andre kredittforringa utlån
<b>2023</b>										
Privatmarknaden	4.235.056	13.768	2.413	0	0	1.158	17.339	26.761	276	26.088
Bedriftsmarknaden	1.058.633	32.671	0	0	0	0	32.671	26.705	0	25.664
<b>Totalt</b>	<b>5.293.689</b>	<b>46.439</b>	<b>2.413</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.158</b>	<b>50.010</b>	<b>53.466</b>	<b>276</b>	<b>51.752</b>
<b>2022</b>										
Privatmarknaden	4.049.877	30	0	4.249	476	13.730	18.485	29.243	13.875	10.418
Bedriftsmarknaden	1.020.125	0	0	1.717	63	0	1.780	26.774	1.429	24.924
<b>Totalt</b>	<b>5.070.002</b>	<b>30</b>	<b>0</b>	<b>5.966</b>	<b>539</b>	<b>13.730</b>	<b>20.265</b>	<b>56.018</b>	<b>15.304</b>	<b>35.342</b>

Tal dagar i forfall blir rekna frå det tidspunktet eit lån har eit overtrekk som overstig den relative- og absolutte grensa.

For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1% av kunden sine samla eksponeringar

- For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1.000 kroner

- For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2.000 kroner

## NOTE 10 - Eksponering på utlån

2023		Brutto utlån	Ned-skriving steg 1	Ned-skriving steg 2	Ned-skriving steg 3	Unyttå kredittar	Garantier	Taps-avsetning steg 1	Taps-avsetning steg 2	Taps-avsetning steg 3	Maks kreditt-eksponering
Tal i tusen kroner											
Personkundar		4.252.395	-603	-1.810	-3.156	112.766	249	-7	-4	0	4.359.829
<b>Næringssektor fordelt:</b>											
Primærnæringer		36.234	-45	-22	-10.899	2.309	75	-1	-4	0	27.647
Industri og bergverk		38.004	-32	-11	0	6.989	4.188	-6	0	0	49.132
Kraftforsyning		4.384	-1	0	0	500	0	0	0	0	4.883
Bygg og anleggsverksemd		105.315	-112	-910	0	16.337	71.020	-69	-147	0	191.434
Varehandel		74.598	-61	-40	0	26.657	15.049	-37	-1	0	116.166
Transport		23.086	-5	0	0	4.370	5.615	-8	0	0	33.059
Overnattings- og serveringsverksemd		43.366	-57	-29	0	1.137	120	-1	0	0	44.537
Informasjon og kommunikasjon		9.936	-13	-31	0	604	154	-1	-1	0	10.649
Omsetning og drift av fast eigedom		529.870	-2.487	-4.573	0	5.603	2.699	-11	-3	0	531.099
Tenesteytande verksemd		226.510	-83	-233	-2	13.600	6.366	-23	-1	0	246.134
<b>Sum</b>		<b>5.343.698</b>	<b>-3.498</b>	<b>-7.659</b>	<b>-14.057</b>	<b>190.874</b>	<b>105.536</b>	<b>-163</b>	<b>-161</b>	<b>0</b>	<b>5.614.569</b>
<b>2022</b>											
Tal i tusen kroner											
Personkundar		4.068.362	-111	-1.538	-9.400	103.836	15.508	-11	-31	-3	4.176.612
<b>Næringssektor fordelt:</b>											
Primærnæringer		34.559	-4	-23	-10.500	1.855	0	-1	0	0	25.887
Industri og bergverk		26.824	-128	-156	0	6.626	4.283	-5	-12	0	37.431
Kraftforsyning		4.365	-2	0	0	500	0	0	0	0	4.864
Bygg og anleggsverksemd		66.945	-151	350	-5	19.865	68.409	-25	-68	0	155.320
Varehandel		72.850	-343	-516	0	20.978	14.413	-22	-42	0	107.318
Transport		19.100	-97	-137	0	3.862	4.241	-1	0	0	26.968
Overnattings- og serveringsverksemd		49.558	-29	-134	0	693	3.363	-2	0	0	53.449
Informasjon og kommunikasjon		2.502	-1	-16	0	351	91	0	-1	0	2.926
Omsetning og drift av fast eigedom		493.458	-1.695	-2.174	0	14.601	12.346	-31	-19	0	516.486
Tenesteytande verksemd		251.743	-300	-785	-21	12.136	4.679	-162	-24	-2	267.265
<b>Sum</b>		<b>5.090.267</b>	<b>-2.860</b>	<b>-5.129</b>	<b>-19.927</b>	<b>185.304</b>	<b>127.333</b>	<b>-261</b>	<b>-197</b>	<b>-5</b>	<b>5.374.524</b>



## NOTE 11 - Nedskrivningar, tap, finansiell risiko

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unyttede kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg blir føreteke for det einskilde lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i nedskrivningar i perioden og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttede trekkrettigheter for kvart steg og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som kjem av endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som kjem av endringar i inputvariablar, berekningsføresetnadar, makroøkonomiske føresetnadar og effekt av diskontering.

2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	111	1.538	9.400	11.049
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	176	-160	-16	0
Overføringer til steg 2	-96	366	-270	0
Overføringer til steg 3	0	-64	65	0
Netto endring	194	640	-6.012	-5.178
Endringar som følgje av nye eller auke utlån	345	256	172	773
Utlån som er frårekna i perioden	-126	-765	-183	-1.074
<b>Nedskrivningar personmarknaden pr. 31.12.2023</b>	<b>603</b>	<b>1.810</b>	<b>3.156</b>	<b>5.569</b>

2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	3.833.915	205.260	29.178	4.068.353
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	40.385	-40.124	-260	0
Overføringer til steg 2	-203.944	208.768	-4.824	0
Overføringer til steg 3	-985	-9.448	10.433	0
Netto endring	-117.655	-18.010	-5.631	-141.296
Nye utlån utbetalt	1.474.358	87.148	5.038	1.566.544
Utlån som er frårekna i perioden	-1.157.286	-77.904	-6.016	-1.241.206
<b>Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.12.2023</b>	<b>3.868.788</b>	<b>355.689</b>	<b>27.918</b>	<b>4.252.395</b>

2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	2.750	3.591	10.525	16.866
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	577	-577	0	0
Overføringer til steg 2	-259	259	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-388	2.681	394	2.687
Endringar som følge av nye eller økte utlån	308	520	0	828
Utlån som er fraregnet i perioden	-93	-625	-18	-735
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endret eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	0	0	0	0
<b>Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 31.12.2023</b>	<b>2.895</b>	<b>5.849</b>	<b>10.901</b>	<b>19.645</b>

2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	838.774	156.778	26.353	1.021.905
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	91.880	-91.880	0	0
Overføringer til steg 2	-139.489	139.489	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	383.817	3.581	807	388.204
Nye utlån utbetalt	228.820	25.182	0	254.003
Utlån som er fraregnet i perioden	-518.518	-52.965	-1.326	-572.808
Konstaterte tap	0	0	0	0
<b>Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.12.2023</b>	<b>885.285</b>	<b>180.185</b>	<b>25.833</b>	<b>1.091.303</b>

2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	261	197	5	463
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	97	-97	0	0
Overføringer til steg 2	-14	17	-3	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-216	70	-2	-147
Endringar som følgje av nye eller auka unyttå kredittar og garantiar	74	1	0	75
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-39	-28	0	-67
Endret eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	0	0	0	0
<b>Nedskrivningar pr. 31.12.2023</b>	<b>163</b>	<b>161</b>	<b>0</b>	<b>324</b>

2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2023	272.809	24.537	8	297.354
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	12.898	-12.898	0	0
Overføringer til steg 2	-21.006	21.053	-48	0
Overføringer til steg 3	-38	0	38	0
Netto endring	58.292	-8.869	1.240	50.663
Nye/endra unyttå kredittar og garantiar	63.020	182	0	63.202
Engasjement som er frårekna i perioden	-109.102	-5.358	-351	-114.810
<b>Brutto engasjement pr. 31.12.2023</b>	<b>276.875</b>	<b>18.647</b>	<b>887</b>	<b>296.407</b>

Nedskrivningar i steg 3 på utlån og garantiar	2023	2022	
Individuelle nedskrivningar ved starten av perioden		19.931	22.242
Auka individuelle nedskrivningar i perioden		2.020	1.761
Nye individuelle nedskrivningar i perioden			553
Tilbakeføring av individuelle nedskrivningar frå tidlegare periodar		-523	-281
Konstaterte tap på lån som tidlegare er nedskrive		-7.371	-4.344
<b>Nedskrivningar steg 3 ved slutten av perioden</b>		<b>14.057</b>	<b>19.931</b>

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	2023	2022	
Endring i perioden i steg 3 på utlån		-5.874	-2.315
Endring i perioden i steg 3 på garantiar			
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2		3.168	301
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er føreteke nedskrivningar i steg 3		7.329	4.344
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3			
## NOTE 35 - Fondsobligasjonskapital

ISIN	Låneopptak	Første call-dato	Pålydande	Bokført verdi		Rentevilkår
				2023	2022	
NO0010818248	09.03.2018	23.02.2023	26.000	0	26.125	3m Nibor + 345 bp
NO0012780834	14.12.2022	14.12.2027	50.000	50.210	50.188	3m Nibor + 430 bp
<b>Fondsobligasjonskapital</b>				<b>50.210</b>	<b>76.313</b>	

Avtalevilkåra for fondsobligasjonen tilfredsstillar krava i EUs CRR-regelverk, og fondsobligasjonen inngår i banken sin kjernekapital for kapitaldekningsføremål. Banken har som fylgje av dette ein einssidig rett til å ikkje betale tilbake renter eller hovudstol til investorane. Dette medfører at fondsobligasjonen ikkje tilfredsstillar vilkåra til finansielle forpliktingar i IAS 32 Finansielle instrumenter - presentasjon og blir difor presentert i banken sin eigenkapital. Dette medfører vidare at rentene knytt til fondsobligasjonen ikkje vert presentert på rekneskapslinja Sum rentekostnader, men som ein reduksjon i opptent eigenkapital. Fordelen av skattefrådraget for rentene vert presentert som ein reduksjon av skattekostnaden i resultatrekneskapskapen.

Endringar i fondsobligasjonskapital i perioden	Balanse 31.12.2022	Emitert	Innløyst	Andre endringar	Balanse 31.12.2023
Fondsobligasjonskapital	76.313		26.000	-103	50.210
<b>Sum fondsobligasjonskapital</b>	<b>76.313</b>	<b>0</b>	<b>26.000</b>	<b>-103</b>	<b>50.210</b>

## NOTE 36 - Eigenkapital

Banken sin aksjekapital på kr 11.102.560,- består av 2.220.512 aksjar á kr 5,- per. aksje.

Banken sine vedtekter §2-2, 3. ledd har fylgjande reglar om maksimum eigarandel:

"ingen kan eiga meir enn 10 % av aksjekapitalen i banken."

I tillegg har banken sine vedtekter §3-6 fylgjande reglar om røysterett:

"På generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likte med aksjeeigarane sine egne aksjar skal ein rekane aksjar som er eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansføretakslova §6-5."

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

1 - 200 aksjar gjev ei røyst

201- 400 aksjar gjev to røyster

401- 800 aksjar gjev tre røyster

801 -2 000 aksjar gjev fire røyster

Fleire enn 2 000 aksjar gjev fem røyster som er det høgste røystetalet nokon kan ha.

### Aksjonærar som eig meir enn 1 % av aksjane i banken

31.12.2023

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	57.399	2,58 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	55.101	2,48 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	34.589	1,56 %
METT & GO AS	33.300	1,50 %
PROFOND AS	32.667	1,47 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.222	1,00 %
<b>Sum</b>	<b>689.442</b>	<b>31,05 %</b>
Øvrige aksjonærar	1 531 070	68,95 %
<b>Totalt</b>	<b>2.220.512</b>	<b>100,00 %</b>

Tal aksjar:

2 220 512

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA eig 16.796 egne aksjar med pålydande verdi kr 83.845,- , og som utgjør 0,76 % av totalt tal aksjar.

### Aksjar eigd av tillitsvalde, leiande tilsette og personleg nærstående av desse:

#### Styret:

Kvarekvål, Stein	2100
Lahlum, Kathrine Løno	80
Seim, Olav	1834
Midttun, Solfrid Dagestad	70
Bryn, Elin	125

#### Leiande tilsette:

Røthe, Stig Gunnar	8040
Andre leiande tilsette	5597

31.12.2022

Navn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	57.149	2,57 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	52.461	2,36 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	33.872	1,53 %
PROFOND AS	33.049	1,49 %
METT & GO AS	30.000	1,35 %
FORLAGSHUSET VIGMØSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.222	1,00 %
<b>Sum</b>	<b>682.917</b>	<b>30,76 %</b>
Øvrige aksjonærer	1 537 595	69,25 %
<b>Totalt</b>	<b>2.220.512</b>	<b>100,01 %</b>

Tal aksjar: 2 220 512

Aksjar eigd av tillitsvalde, leiande tilsette og personleg nærstående av desse:

Styret:

Kvarekvål, Stein	2100
Lahlum, Kathrine Løno	80
Seim, Olav	1834
Midttun, Solfrid Dagestad	70
Bryn, Elin	125

Leiande tilsette:

Røthe, Stig Gunnar	8040
Andre leiande tilsette	5377

## NOTE 37 - Resultat og utbytte pr. aksje

Aksjeeigarane sin andel av resultatet er rekna som resultat etter skatt delt på gjennomsnitt tal aksjar i rekneskapsåret. Det føreligg ikkje opsjonsavtalar knytt til aksjane, slik at utvatna resultat er likt med resultat pr. aksje.

	2023	2022
<b>Resultat pr. aksje</b>	<b>33,04</b>	<b>23,60</b>

Føreslått utbytte vert ikkje ført ut av banken sin eigenkapital før formelt vedtak er fatta i generalforsamlinga. Føreslått utbytte utgjer kr 14,10 pr.aksje.

	2023	2022
<b>Føreslått utbytte</b>	<b>31.072</b>	<b>23.315</b>

## NOTE 38 - Garantiar

	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Betalingsgarantiar	27 841	20 074
Kontraktsgarantiar	71 965	86 681
Andre garantiar	5 730	5 297
<b>Sum garantiar ovanfor kunder</b>	<b>105.536</b>	<b>112.052</b>
<b>Garantiar Eika Boligkreditt</b>		
Saksgaranti	2 866	9 859
Tapsgaranti	6 012	5 422
<b>Sum garantiar ovanfor Eika Boligkreditt</b>	<b>8.877</b>	<b>15.281</b>
<b>Sum garantiar ovanfor Eika Boligkreditt</b>	<b>114.413</b>	<b>127.333</b>

	<b>2023</b>		<b>2022</b>	
Garantiar fordelt geografisk	Kr.	%	Kr.	%
Voss og omland	102.153	89,3 %	108.457	85,2 %
Resten av landet	12.261	10,7 %	18.876	14,8 %
<b>Sum garantiar</b>	<b>114.413</b>	<b>100 %</b>	<b>127.333</b>	<b>100 %</b>

### Garantiavtale med Eika Boligkreditt

Banken stiller garanti for lån som kundane har i Eika Boligkreditt (EBK). EBK har som vilkår at lån er innanfor 75 % av panteobjektet. Banken sine kundar har pr 31.12.23 lån for 602 mill. kroner hjå EBK. Garantibeløpet til EBK er todelt:

1. Saksgaranti: Banken garanterar for heile lånebeløpet i perioden frå utbetaling til trygd for lånet har oppnådd rettsvern. Saksgarantien er oppad begrensa til heile lånet sin hovudstol med tillegg av renter og omkostningar.
2. Tapsgaranti: Banken garanterar for eitkvart tap som EBK blir påført som følgje av misleghaldne lån, med dei avgrensningar som følgjer nedanfor. Med «tap» er meint restkravet mot lånekunden under det aktuelle lånet etter at alle tilhøyrande trygder er realisert, og skal sjåast på som konstatert på det tidspunktet der alle tilhøyrande trygder for eit misleghalde lån er realisert og utbetalt til EBK. Banken sin tapsgaranti dekkar inntil 80 prosent av tap som vert konstatert på kvart einiskild lån. Samla tapsgaranti er avgrensa oppad til 1 prosent av banken si til ei kvar tid samla låneportefølje i EBK, likevel slik at (i) for låneporteføljer opp til 5 millionar kroner er tapsgarantien lik verdien av låneportefølja og (ii) for låneporteføljer som overstig 5 millionar kroner utgjør tapsgarantien minimum 5 millionar kroner, i alle tilfell berekna over dei siste fire kvartal på rullerande basis. Dette betyr at dersom banken sin andel av tap som vert konstatert på kvart einiskild lån i sum overstig nemnde grense, dekkar EBK det overstigande. Banken sin andel av tapet dekkar av tapsgarantien kan difor maksimalt verta 80 %, men dersom dei samla konstaterte tap overstig ramma, vert andelen i sum lågare enn 80 %.

Rett til motrekning i banken sin provisjon: Banken sitt ansvar for saksgaranti og tapsgaranti forfell til betaling etter påkrav, men EBK kan også velja å motrekna kravet i banken sine framtidige og forfalne, men ikkje utbetalte provisjonar i samsvar medprovisjonsavtalen. Retten til motrekning gjeld for ein periode på inntil fire etterfylgjande kvartalfrå den dato tapet vart konstatert.

### Likviditetsforpliktingar til og aksjonæravtale med Eika Boligkreditt

Likviditetsstøtte til EBK er regulert i avtale datert 10. mai 2012 om kjøp av obligasjonar med fortrinnsrett. Hovudtrekka i avtalen er at eigarbankane, så lenge dei har utlånsportefølje i selskapet, under visse føresetnader er forplakta til å tilføra EBK likviditet. Likviditetsforpliktinga er avgrensa til forfall på selskapt sine obligasjonar med fortrinnsrett utferda under Euro Medium Term Covered Note Programme (EMTCN – Programme) og tilhøyrande swapavtaler dei komande tolv månadar. I den grad eigarbankane har kjøpt obligasjonar med fortrinnsrett under likviditetsavtalen, utan at desse er tilbakebetalt, kjem dei til frådrag ved berekning av eigarbankane si gjenstående likviditetsforplikting. Den einiskilde eigarbank si likviditetsforplikting er primært avgrensa til banken sin pro-rata andel av utferdingsbeløpet, som vert rekna på grunnlag av kvar eigarbank sin andel av selskapt si utlånsportefølje. Dersom ein eller fleire eigarbankar unntet å oppfylle sine likviditetsforpliktingar under avtalen, kan likviditetsforpliktinga for øvrige eigarbankar aukast til inntil det dobbelte av deira opphavlege pro-rata andel. Avtalen om kjøp av OMF kan under visse vilkår verta terminert. Det er knytte vilkår til långevar i høve til overpantsetjing. For obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) som er tilordna føretaket sin sikkerheitsmasse gjeld krav om overpantsetjing på 5 % for lån som inngår EMTCN- Programme. Dette inneber at selskapet til ei kvar tid skal ha verdiar i sin sikkerheitsmasse som utgjør minst 105 % av sum utestående OMF. I tilknytning til at eigarbankane i 2012 vart aksjonærar i EBK etter utskiljinga frå Eika Gruppen AS, vart det etablert ein aksjonæravtale som blant anna regulerer at eigarskapet i selskapet på årleg basis skal rebalanseres. Dette vil sikra ei årleg justering der eigarandelen til den einiskilde bank skal tilsvare eigarbanken sin andel av utlånsbalansen i selskapet.

## NOTE 39 - Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje kome fram informasjon om vesentlege tilhøve som har inntruffe eller førelåg

allereie på balansedagen 31.12.2023, og fram til styret si endelege handsaming av rekneskapen 12. mars 2024.

## NYKKELTAL

Nykkeltal er annualisert der ikkje anna er spesifisert	2023	2022
Rådveldekapital (mill. kr)	6.267	5.861
Gjennomsnittleg rådveldekapital (mill. kr)	6.070	5.757
Eigenkapitalavkastning	11,33 %	8,67 %
Resultat før andre inntekter og kostnader som prosent av forvaltningskapitalen	1,28 %	0,94 %
Kostnader i % av inntekter justert for verdipapir	45,96 %	47,90 %
Resultførte tap i prosent av utlån	0,08 %	0,03 %
Brutto tapsutsette engasjement i prosent av utlån og garantiar før tap	1,02 %	1,10 %
Innskotsdekning	82,16 %	79,97 %
Pris/bokført verdi (P/B)	0,79	0,79
Bokført verdi per aksje	kr 305,80	kr 280,11
Børskurs per aksje 31/12	kr 242,00	kr 222,00

### Alternative resultatmål - APM

Alternative resultatmål er anten justerte nykkeltal som ikkje er definert under IFRS. Alternative resultatmål har som føremål å gje tilleggsmåling om korleis banken vert drifta. Banken nyttar alternative resultatmål i årsmeldinga og i presentasjonar av rekneskapen.

### Rådveldekapital

Definisjon: Sum eignelutar. Sjå Sum eignelutar i balansen.

Grunngjevnad: Rådveldekapital er eit innarbeidd bransjespesifikt namn på sum eignelutar.

### Gjennomsnittleg rådveldekapital

Definisjon: Gjennomsnittleg sum eignelutar for året, rekna som dagleg gjennomsnitt.

Grunngjevnad: Nykkeltalet vert nytta i berekning av prosentvise forholdstal for resultatpostane.

### Eigenkapitalavkastning

Definisjon: Resultat for rekneskapsåret i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital i året.

Fondsobligasjoner klassifisert som eigenkapital er halde utanfor berekninga, både i resultat og eigenkapital. Utrekna som:  $(\text{Resultat av ordinær drift etter skatt} - \text{renter fondsobligasjon}) / \text{Gjennomsnittleg eigenkapital} ((\text{IB-UB}/2) - \text{Fondsobligasjon})$

Grunngjevnad: Nykkeltalet er eit av banken sine viktigaste finansielle måltal. Det gjev relevant informasjon om lønnsmda til banken ved at det måler lønnsmda i drifta i høve til investert kapital.

### Resultat før andre inntekter og kostnader som prosent av forvaltningskapitalen

Definisjon: Resultat av ordinær drift etter skatt som prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Utrekna som:  $\text{Resultat av ordinær drift etter skatt} / \text{Gjennomsnittleg forvaltningskapital}$

Grunngjevnad: Nykkeltalet er eit lønnsmdmål i høve til forvaltningskapital.

### Kostnad i prosent av inntekter

Definisjon: Sum driftskostnadar i prosent av sum inntekter. Utrekna som:  $\text{Sum driftskostnader} / \text{Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter} + \text{Netto andre driftsinntekter justert for verdipapir}$

Grunngjevnad: Nykkeltalet gjev informasjon om kor kostnadseffektiv banken er.

### **Resultatførte tap i prosent av utlån**

Definisjon: Tap på utlån, garantiar m.v. i prosent av utlån til- og fordringar på kundar.

Utrekna som: Nedskrivning på utlån, garantiar og renteberande verdipapir/Sum brutto utlån (note 6)

Grunngjevnad: Nykkeltalet gjev informasjon om resultatført tapskostnad i høve til brutto utlån. Det viser tapskostnaden i høve til volum på utlån, og vert difor vurdert som meir eigna i samanlikning mot andre bankar enn sjølve tapskostnaden i kroner.

### **Brutto tapsutsette engasjement i prosent av utlån og garantiar (før tapsnedskrivningar)**

Definisjon: Tapsutsette engasjement, målt som summen av misleghaldne engasjement over 90 dagar samt øvrige tapsutsette engasjement som ikkje er misleghaldne men der det er meir enn 30 dagar sidan forfall, i prosent av sum utlån før tapsnedskrivningar. Utrekna som:

Sum kredittforinga lån (note 8)/Sum brutto utlån (note 6)

Grunngjevnad: Nykkeltalet gjev informasjon om banken sin kredittrisiko ut over det som fylgjer av tapsnotane.

### **Innskotsdekning**

Definisjon: Innskot frå kundar i prosent av utlån til og fordringar på kundar. Utrekna som: Innskot frå kundar/Sum brutto utlån (note 6)

Grunngjevnad: Nykkeltalet gjev informasjon om korleis banken finansierer verksemda.

Innskot frå kundar er den viktigaste finansieringskjelda for banken sine utlån, og nykkeltalet gjev informasjon om kor mykje banken må låne inn i marknaden elles.

### **Pris/bokført verdi (P/B)**

Definisjon: Børskurs på banken sine aksjar delt på bokført verdi per aksje. Utrekna som: Børskurs pr. 31.12.2023/Bokført verdi per aksje

Grunngjevnad: Nykkeltalet gjev informasjon om pris per aksje i høve til matematisk verdi per aksje.

### **Bokført verdi per aksje**

Definisjon: Sum av eigenkapitalen som tilhøyrer aksjonæraane delt på tal aksjar. Utrekna som: (Sum eigenkapital – Fondsobligasjonskapital)/(Tal utferda aksjar – eigne aksjar) (note 36)

Grunngjevnad: Nykkeltalet gjev informasjon om verdien av bokført eigenkapital per aksje.

Dette gjev informasjon om matematisk verdi per aksje samanlikna med børskurs.

### **Børskurs per aksje**

Definisjon: Siste omsetningskurs i kalenderåret for aksja. Utrekna som: Siste oppgjeve handelskurs ved Oslo Børs pr. 31.12.2023.

Grunngjevnad: Gjev informasjon om omsetningsverdien per aksje.



# Årsrekneskapen for perioden 01.01 – 31.12.2023 for Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


## STADFESTING FRÅ STYRET OG BANKSJEF


Me stadfestar at banken sin årsrekneskap for 2023 etter vår beste meining er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar, og at opplysningane i rekneskapen gjev eit rettvisande bilete av banken sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Styret si årsmelding gjev rettvisande oversikt over utviklinga, resultatet og stillinga til banken saman med ei utgreiing av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorane banken står overfor.

Voss, 12. mars 2024


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef

# Retningslinjer for, og erklæring om fastsetjing av løn og anna godtgjering til leiande tilsette

## Retningslinjer for godtgjering:

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har etablert egne retningslinjer for godtgjering i samsvar med Finansforretakslova, «Forskrift om godtgjørelesordningar i finansinstitusjoner, verdipapirforetak og forvaltningselskap for verdipapirfond» og rundskriv frå Finanstilsynet, som gjeld alle tilsette i banken. Hovudgodtgjeringa er fast løn. Verken leiarar eller andre tilsette i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har insentivløn. Det er laga egne retningslinjer for eventuell bonus, som skal vera eit likt kronebeløp for alle tilsette der storleiken er maksimert til 1,5 gonger månadsløn pr. år pr. tilsett, etter reglane i ovannemnde forskrift.

Banken skal ha ei godtgjeringsordning som

- bidreg til at banken kan få tak i og halda på den kompetansen banken treng for å nå sine overordna mål
- er i samsvar med banken sine langsiktige interesser
- bidreg til å fremja og gje insentiv til god styring og kontroll med banken sin risiko
- hindrar høgare risikotaking enn banken sin risikotoleranse definert i risikopolicy og andre styrande dokument
- ikkje inneheld aksjebaserte ytingar omtalt i allmennaksjelova §6-16a 1. ledd 3. punkt.

Godtgjeringsordninga skal fremja og gje insentiv til god styring og kontroll på kort og lang sikt, og skal bidra til å unngå interessekonflikt spesielt mellom risikotaking og kontroll.

## Erklæring:

Styret erklærer å ha nytta desse retningslinjene ved fastsetjing av løn og anna godtgjering for rekneskapsåret 2023.

## Godtgjering til leiande tilsette:

### Vedtaksprosessen:

Styret har ein årleg gjennomgang med fastsetjing av godtgjering til adm. banksjef. Det er etablert eit godtgjeringsutval som sakshandsamar alle saker knytt til godtgjering i forkant av vedtak i styret. Godtgjeringsutvalet og styret handsamar også eventuelle endringar i banken sine generelle tilleggssytingar som pensjons- og forsikringsordningar.

### Godtgjering til adm. banksjef:

Adm. banksjef si løn og andre økonomiske ytingar vert fastsett årleg av styret. I vurderinga av ytingane tek ein med utgangspunkt i retningslinjene også vurdering av oppnådd resultat, individuelle prestasjonar saman med utvikling av lønsnivå i samanliknbare stillingar.

Adm. banksjef sine ytingar består av:

- fast løn
- variabel godtgjering (bonus likt med resten av dei tilsette)
- pensjonsordning
- naturalytingar

Eventuell bonus er det styret som tildeler med likt beløp til alle tilsette i banken. Utgangspunktet er oppnådd resultat målt mot vedtekne retningslinjer.

Adm. banksjef er medlem av banken si innskotsbaserte pensjonsordning for løn inntil 12 G, fram til avgang. Pensjonsordninga i banken pr. 31.12.23 er ei innskotsbasert ordning med maksimale satsar.


I samsvar med arbeidsavtale av 23.10.17 er aldersgrense for stillinga 65 år, med rett og plikt til å gå frå stillinga. Det er gjort tilleggsavtale om pensjonsalder på 65 år. Dersom adm. banksjef etter krav frå styret må fråtre stillinga si, har han rett til etterløn i 18 månader frå det tidpunktet han forlet stillinga.


## Retningslinjer for 2024:

Styret finn ikkje grunn til å endra retningslinjer for praktisering av leiarlønningar for 2024.

Voss, 12. mars 2024


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef

Til generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

## Melding frå uavhengig revisor

### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Me har revidert årsrekneskapen for Voss Veksel- og Landmandsbank ASA som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

#### Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023 og av resultatata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med IFRS Accounting Standards som godkjent av EU, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisebilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2023 og av resultatata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med IFRS Accounting Standards som godkjent av EU.

Vår konklusjon er konsistent med vår tilleggsrapport til revisjonsutvalet.

#### Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Me er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og me har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Me er ikkje kjend med at me har levert tenester som er i strid med forbodet i revisjonsforordninga (EU) No 537/2014 artikkel 5 nr. 1.

Me har vore Voss Veksel- og Landmandsbank ASA sin revisor samanhengande frå 1980-talet.

#### Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva me meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2023. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då me danna oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett. Me konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD  
AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS is a member of the RSM network and trades as RSM. RSM is the trading name used by the members of the RSM network. Each member of the RSM network is an independent accounting and consulting firm which practices in its own right. The RSM network is not itself a separate legal entity in any jurisdiction.

RSM Norge AS er medlem av/si a member of Den norske Revisorforening.

### 1) Verdien av utlån til kundar

Utlån utgjer ein vesentleg del av verdien av eignelutane i balansen. Banken sine rutinar og system for å fylgja opp utlån og identifisering av utlån med nedskrivingsbehov samt vurderinga av desse utlåna er sentrale. Vurdering av nedskrivingar er basert på eit modellbasert rammeverk med element som krev at leiinga nyttar skjøn. Rammeverket er komplekst og omfattar store mengder data og skjønsmessige parametrar. Leiinga si bruk av skjøn kan ha innverknad på resultatet for perioden, og kan vidare ha innverknad i høve kapitaldekningsregelverket. Me har fokus på verdien av utlån til kundar på grunn av at utlån utgjer ein vesentleg del av balansen, samt verknaden av det skjøn leiinga utøver som del av rutinen ved vurderinga av nedskrivingsbehov.

I samsvar med IFRS 9 skal nedskrivingane på utlån byggje på framoverskodande vurderingar, slik at nedskrivingane reflekterer venta tap. Etter IFRS 9 skal banken fordela engasjementa i 3 steg ved utrekning av venta tap (ECL) på utlån og garantiar som er omfatta av nedskrivingsreglane. Ved utrekning fyrste gong og dersom kredittrisikoen ikkje har auka vesentleg, skal engasjementa vera plassert i steg 1 og det skal avsetjast for venta tap komande 12 månader. Dersom kredittrisikoen har auka vesentleg skal engasjementa overførast til steg 2 og det skal avsetjast for venta tap over heile levetida. Dersom kredittrisikoen vert ytterlegare svekka og engasjementa enten er i misleghald eller det vert føreteke individuell nedskrivning, skal engasjementa overførast til steg 3. Ved individuelle nedskrivingar skal nedskrivingsbeløpet reknast som skilnaden mellom utlånet sin balanseførte verdi og noverdien av framtidige kontantstraumar. Desse vurderingane er påverka av skjøn.

Banken sine utlån er i hovudsak til personkundar og SMB-segmentet, og modellen som er utvikla skal estimera nedskrivingar til dette segmentet. Me har i revisjonen særleg fokus på:

- Leiinga sin prosess for identifisering av utlån som skal overførast til steg 3, og føresetnadene som leiinga legg til grunn ved utrekning av nedskrivingsbeløp for utlån i steg 3
- Leiinga sin prosess for utrekning av nedskrivingar for utlån i steg 1 og 2
- Leiinga sin prosess for oppfølging av banken sine største engasjement

### Handtering av sentrale tilhøve i vår revisjon

Våre revisjonshandlingar inkluderer forståing og testing av den interne kontroll og effektiviteten av dei viktigaste kontrollane innanfor utlån og prosedyrar for nedskrivning for mogeleg tap på utlån. Vår testing av kontrollane gir oss eit grunnlag for avklaring av type, tidspunkt og omfanget av våre andre revisjonshandlingar. Me har skaffa oss ei forståing av banken sin kredittpolicy, og vurdert prosessane for identifisering av nedskrivingsbehov i samsvar med IFRS 9.

Me har opparbeidd oss ei detaljert forståing av prosessen og relevante kontrollar retta mot å sikra:

- utrekningar og metode som vart nytta i modellen
- at modellen som vart nytta er i samsvar med rammeverket
- pålitelegskapen og nøyaktigheita av data som vert nytta i modellen

Me har vidare kontrollert at banken overheld rutinane i kredittprosessen på eit utval av kundar med fokus på betjeningsevne og trygd. For eit utval av misleghaldne og tapsutsette engasjement har me kontrollert leiinga sin prognose for kontantstraumar og verddivurdering av trygd. Me har evaluert konsistensen av dei viktigaste føresetnadane, medrekna aukande renter og inflasjon, og samanlikna desse med vår eigen forståing av dei aktuelle parametrane. Me har vurdert leiinga sine utrekningar for å verifisere nøyaktigheita av bokførte nedskrivingar.

I tillegg har me på eit utval av friske engasjement vurdert om låntakar sin betjeningsevne og trygd er tilfredsstillande, og at det ikkje føreligg indikasjonar på nedskrivingsbehov. Utvalet er basert på oversikt over banken sine største engasjement, løyvingssprotokoll og risikoklassifiseringssystemet.

Banken sine notar 2 - 3 og 6 - 13 til årsrekneskapen er relevante for skildringa av banken sin tapsmodell og for korleis banken estimerer tapsavsetjingane i samsvar med IFRS 9. Me har lest notane og vurdert om

informasjonen knytt til tapsmodell, ulike parametarar og skjønsmessige vurderingar var tilstrekkelege og dekkjande.

## 2) IT-miljø som understøttar finansiell rapportering

Banken nyttar komplekse IT-system i eit automatisert IT-miljø og er avhengig av IT-systema i den finansielle rapporteringa. Kjernebanksystema vert styrt og drifta av ein ekstern tenesteleverandør. For å sikra fullstendig og nøyaktig presentasjon av den finansielle informasjonen, er det viktig at kontrollar over transaksjonsprosessering og måling er utforma og fungerer målretta og effektivt. Tilsvarende må kontrollar for å sikra føremålstenleg tilgangsstyring og systemendringar også vera utforma og fungera målretta og effektivt både hjå banken og tenesteleverandøren.

Ein vesentlig del av transaksjonane innan bankar og finansinstitusjonar er systemgenererte transaksjonar. Dette gjeld m.a. utrekning av renter på utlån og innskot, samt inntekter og kostnader knytt til betalingsformidling. Migrering til ny kjernebankleverandør hausten 2023 auka den ibuande risikoen for feil i rekneskapen. IT-miljø som understøttar finansiell rapportering, er av den grunn vurdert som eit sentralt tilhøve ved revisjonen.

### Handtering av sentrale tilhøve i vår revisjon

Me etablerte ei forståing for banken sine IT-system og IT-miljø med innverknad på den finansielle rapporteringa. Me innhenta og evaluerte stadfesting frå tredjepart (ISAE 3402-rapport) som dekkjer dei relevante kjernebanksystema og tilhøyrande infrastruktur som understøttar den finansielle rapporteringa til selskapet. Me vurderte om IT-generelle kontrollar over tilgangsstyring, systemendringar og IT-drift hjå tenesteleverandøren var målretta og effektive. Vidare vurderte me om relevante kontrollar hjå banken var målretta og effektive.

Som ein del av våre prosedyrar innhenta og evaluerte me stadfestingar frå tredjepart som dekkjer relevante automatiserte kontrollar i kjernebanksystema, medrekna utrekning av renter, gebyramortisering, periodisering, kontering, systembasert avstemming og integrasjon.

Me har innhenta og kontrollert banken si avstemming og overføring av rekneskapsinformasjon frå gammalt til nytt system.

### Ytterlegare informasjon

Styret og adm. banksjef (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjonen. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, anna ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap me har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Me er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon. Me har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen me har opparbeidd oss i revisjonen, meiner me at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vera med etter gjeldande lovkrav.

Vår uttale om årsmeldinga gjeld og for utgreiingar om føretaksstyring og samfunnsansvar.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med IFRS Accounting Standards som godkjent av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen med mindre leiinga enten har til hensikt å avvike konsernet eller leggje ned verksemda, eller ikkje har noko realistisk alternativ til dette.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver me profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår me risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Me utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider me oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer me om rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer me på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden er føremålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom me konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må me i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at me modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer me den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilde.
- innhentar me tilstrekkeleg og føremålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Me er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Me har eineansvar for vår konklusjon om konsernrekneskapen.

Me kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, medrekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som me avdekkar gjennom revisjonen.

Me gir ein uttale til revisjonsutvalet om at me har etterlevd relevante etiske krav til uavhengigheit, og kommuniserer med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheita vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av dei tilhøva me har kommunisert med styret, tek me standpunkt til kva for saker som var av størst betydning for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som difor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Me omtalar desse tilhøva i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at tilhøvet vert gjort offentleg, eller dersom me, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at eit tilhøve ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at tilhøvet vert omtala.

### **Uttale om andre lovmessige krav**

#### *Uttale om etterleving av forskrift om elektronisk rapporteringsformat (ESEF)*

##### *Konklusjon*

Som ein del av revisjonen av årsrekneskapen for Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har me utført eit attestasjonsoppdrag for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som inngår i årsrapporten med filnamn 5967007LIEEXZX4N9429-2023-12-31-no.xhtml i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med krava i delegerert kommisjonsforordning (EU) 2019/815 om eit felles elektronisk rapporteringsformat (ESEF-regelverket) etter forskrift gjeve med heimel i verdipapirhandelova § 5-5, som inneheld krav til utarbeiding av årsrapporten i XHTML-format og iXBRL-markering av konsernrekneskapen.

Etter vår meining er årsrekneskapen som inngår i årsrapporten i det alt vesentlege utarbeidd i samsvar med krava i ESEF-regelverket.

##### *Leiinga sitt ansvar*

Leiinga er ansvarleg for å utarbeida årsrapporten i samsvar med ESEF-regelverket. Ansvaret omfattar ein føremålstenleg prosess og slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt.

##### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er, på grunnlag av innhenta revisjonsbevis, å gje uttrykk for ei meining om årsrekneskapen, som inngår i årsrapporten, i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med krava i ESEF-regelverket. Me utfører vårt arbeid i samsvar med internasjonal attestasjonsstandard (ISAE) 3000 – «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon». Standarden krev at me planleggjer og utfører handlingar for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krava i ESEF-regelverket.

Som eit ledd i vårt arbeid utfører me handlingar for å opparbeide forståing for selskapet sine prosessar for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med ESEF-regelverket. Me kontrollerer om årsrekneskapen er i XHTML-format. Me utfører kontrollar av fullstende og nøyaktigheit av iXBRL-markeringa av konsernrekneskapen, og vurderer leiinga si bruk av skjønn. Vårt arbeid omfattar kontroll av samsvar mellom markeringane av data i iXBRL og den reviderte årsrekneskapen i menneskeleg lesbart format. Me meiner at innhenta bevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Voss, 12. mars 2024  
RSM Norge AS

  
Harald Bjøtvelt  
statsautorisert revisor



## STYRET

### Medlemer:

- \* Dagleg leiar Stein Kvarekvål, Skulestadmo, styreleiar
- Siviløkonom Kathrine Løno Lahlum, Voss, nestleiar
- Pensjonist Olav Seim, Granvin
- \* Administrerande direktør Hege Solbakken, Bergen
- \* Avdelingsleiar PM Solfrid Dagestad Midttun, Voss (representant for dei tilsette)

### Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- \* Dagleg leiar Gunvall Medhus, Eidfjord
- \* Revisor Marita Østrem, Voss
- \* Kunderådgevar Elin Bryn, Voss (vararepresentant for dei tilsette)

Styremedlemer som er merkte med \* står på val i 2024.

## Valnemnd til generalforsamling 2024

### Medlemer:

Bokhandlar Anders Ullestad, Voss, leiar  
Driftssjef Egil Mørkve, Voss  
Jurist Hilde Magnusson, Voss

### Varamedlem:

Dr. scient Ingjerd Skogseid, Voss

Medlemer og varamedlemer i valnemnda står på val kvart år.







Dette er Vekselbanken:

**VÅR VISJON:**

*– ein god medspelar –*

**VÅRE KJERNEVERDIAR:**

*Me er profesjonelle på ein aktiv, servicevenleg og tillitsfull måte*

**VÅR FORRETNINGSIDÉ:**

*Me skal levera konkurransedyktige finansielle tenester til kundar i vårt marknadsområde*

**VÅR STRATEGI:**

*Me er framtidsretta og offensiv, med sunn vekst forankra i sjølvstende*

Postboks 10, 5701 Voss

Telefon: 56 52 35 00

E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no) | [www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)